

Masteroppgåve i teologi
Av
Magnar Hellesøy

Tittel: Blasfemi for meg – det same for deg?

-Eit kvalitativt studie av yngre kvinner si oppfatning av blasfemi med ståstad i islam og kristendom-

Misjonshøgskolen i Stavanger
15.12.2006

1.0 INNLEIING	4
1.1 Ein karikatur og eit biletforbod	4
1.1.1 Bakgrunnen for oppgåva	5
1.1.2 Problemstilling	5
1.1.3 Innhaldet i oppgåva	6
1.2 Historisk resyme av karikaturstriden	6
1.2.1 Karikaturane fordømt i Mekka	7
1.2.2 Brenning av flagg og ambassadar	7
1.2.3 Dei første dødsoffera	7
1.2.4 Kva seier Grunnlova om ytringsfridom og blasfemi?	8
1.2.5 Aspekt ved ytringsfridom og blasfemi:	9
1.2.6 Den "sovande" paragraf	9
1.2.7 Vert ikkje normmenn provosert lenger?	10
1.2.8 Reaksjonar frå det teologiske miljø	10
2.0 METODE	12
2.1 Undersøkinga	12
2.1.1 Utval	12
2.1.2 Intervjumaterialet	13
2.1.3 Metodediskusjon	13
2.1.4 Presentasjon av informantane	15
3.0 BLASFEMI	16
3.1 Omgrepet blasfemi	16
3.2 Blasfemi i islam	18
3.2.1 Guds eining	18
3.2.2 Muhammed - ein heilag person	18
3.2.3 Guds eige ord	19
3.3 Blasfemi i kristendommen	19
3.3.1 Jesus - ein heilag person	19
3.3.2 Krenking av heilage handlingar	20
3.3.3 Krenking av Guds ord	20
4.0 ANALYSE AV INTEVJU MED DEI MUSLIMSKE INFORMANTANE	21
4.1 Presentasjon av spørsmål i analysen	22
4.2 Presentasjon av analyse frå intervju med dei muslimske informantane	21
4.2.1 Er det blasfemi å teikna Muhammed?	22
4.2.2 Er det blasfemi å teikne Gud?	28
4.2.3 Er det blasfemi å brenne Koranen?	33
4.3 Oppsummering	36
4.3.1 Oppsummering av om det er det blasafemi å teikne Muhammed	36
4.3.2 Oppsummering av om det er blasfemi å teikne Gud	37
4.3.2 Oppsummering av om det er blasfemi å brenne Koranen	38
5.0 ANALYSE AV INTERVJU MED DEI KRISTNE INFORMANTANE	39
5.1 Presentasjon av spørsmåla i analysen	39
5.1.1 Er det blasfemi å døype ei dokke?	39
5.1.2 Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus?	44
5.1.3 Er det blasfemi å brenne Bibelen?	50
5.2 Oppsummering	53
5.2.1 Oppsummering av om det er blasfemi å døype ei dokke	53
5.2.2 Oppsummering av om det er blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus	54
5.2.3 Oppsummering av om det er blasfemi å brenna Bibelen	55
6.0 DISKUSJONSDEL: BLASFEMI FOR MEG – DET SAME FOR DEG?	56
6.1 Problemstilling	56
6.2 Krenking og blasfemi sett i lys av nærleiksetikk og den etiske fordring	56
6.2.1 Individnivå	57
6.2.2 Opplevingar av blasfemi sett i lys av nærleiksetikk	57
6.2.3 Ansiktet sin filosof	57
6.2.4 Er det blasfemi å teikne Muhammed?	59
6.2.5 Er det blasfemi å teikne Gud?	60
6.2.6 Er det blasfemi å døype ei dokka?	62
6.2.7 Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus?	64
6.2.8 Er det blasfemi å brenna heilage bøker?	66

6.3	<u>Medienivået</u>	67
6.3.1	Vart Al-Asadi krenka?.....	68
6.3.2	Vart Selbekk krenka?.....	69
6.3.3	Korleis vart "Knoll og Tott" krenka i karikaturstriden?.....	72
7.0	KONKLUSJON	74

LITTERATURLISTE	75
------------------------------	-----------

Vedlegg 1: INTERVJUGUIDE

Vedlegg 2: E-POST FRÅ KNUT H. GRANDHAGEN

1.0 INNLEIING

Noregs land vert aldri det same etter 10.januar 2006. Vi visste det ikkje om morgonen då vi vakna at denne dagen skulle verta eit paradigmeskifte i norsk blasfemihistorie, men innan januar var omme var vel neppe nokon i tvil om at nettopp det hadde skjedd. Karikaturstriden raste på kryss og tvers frå Danmark til Austen og tilbake igjen, via Noreg, og til resten av verden. Det skjedde på få månadar og til slutt dagar og timar. Den hadde sin spede opptakt 30. september 2005, då 12 karikaturar av profeten Muhammed vart publisert etter ein teiknekonkurranse i regi av Jyllandsposten i Danmark. Det som verkeleg fekk karikaturstriden til å nå det omfang den fekk var redaktør Vebjørn K. Selbekk i den kristne avisa Magazinet. Det skjedde då Magazinet publiserte faksimile av karikaturane den skjebnesvangre januar dagen i "Det Herrens år 2006".

1.1 Ein karikatur og eit biletforbod

I denne oppgåva vil ordet "karikatur/karikaturstrid" og "biletforbod" verta brukt i fleire samanhengar. Det kan difor vera adekvat å vise til ein kva ein karikatur og eit biletforbod er for noko:

***Karikatur**, en, ital., bildefremstilling som søker å gjengi det karakteristiske el. latterlige hos et menneske, en samfunnsklasse el. lign. Ved å overdrive utpregede sider el. egenskaper; vrengebilde, overdreven fremstilling, fordreid bilde (Berulfsen og Gundersen 2000,s.223).*

Karikaturane som det vert snakka om i denne oppgåva har sitt utspring frå trykkinga av 12 karikaturar i danske Jyllandsposten og faksimile av karikaturane i norske Magazinet. Det vert også i denne oppgåva fokusert på andre uttrykk som tenkte sekvensar der informantane har sett for seg ulike situasjonar som kan verta oppfatta som blasfemi eller ikkje. I boka til Martin Lings (1983) står det at Abraham og Ismael laga Kabaen i Mekka til ære for Gud og den staden i øydemarka der Abraham si trelkåne, Hagar, fann vatn då ho og Ismael tørsta. Då jødiske pilgrimar byrja å søkje til Mekka som ein heilag stad, for å ære Abraham tok dei også med seg bileter og la att ved Kabaen. Dette skapte reaksjonar:

The idolaters claimed that their idols were powers which acted as mediators between God and men. As a result, their approach to God became less and less direct, and the remoter He seemed, the dimmer became their sense of the reality of the World-to-come, until many of them ceased to believe in the life after death (Lings 1985,s.4)

Dette byggjer under at det vart reagert på bileter ved Kabaen i Mekka før Muhammed si tid. I Koranen står det om krass kritikk av tilbeding av gudebileter, til dømes i forteljinga om Abraham (Sura 6,74). I Hadith vert det fortalt om at i år 630 fjerna Muhammed 360 gudebileter frå Kabaen Mekka. Han uttalte då: ”Sannheten har vunnet, falskheten har forsvunnet” (Lings 1985,s.300). Dette underbyggjer eit absolutt bildeforbud. Innan persisk og tyrkisk tradisjon har det likevel vore praktisert ein ikonografisk tradisjon, der Muhammed mellom anna har vorte avbilda utildekka ansikt (Opsal, 2006,s. 45).

1.1.1 Bakgrunnen for oppgåva

Mitt utgangspunkt er å skrive masteroppgåve i systematisk teologi. Då karikaturstriden raste som verst vart det klart for meg at eg måtte arbeide fram ei problemstilling i spenningsfeltet mellom korleis blasfemi vert oppfatta og korleis kvinner oppfattar blasfemi. I karikaturstriden vart dette ei sak med fokus på blasfemi kontra ytringsfridom. Ytringsfridom er noko kvinner med ståstad i islam og kristendom historisk sett ikkje har kunna nytta fritt. Det er difor spennande å kunne sjå inn i karikaturstriden frå ein litt anna vinkel enn det som har vart fokusert mest på i media, blasfemi kontra rett til ytring. Karikaturstriden mangla sidestykke i verdens historie, om vi ser vekk frå nokre andre eksempel der det har vore debatt kring blasfemi, boka ”Sataniske vers”, av Salman Rushdie, at Jesus i følgje Bibelen vart dømt til døden for blasfemi på grunn av at han sa han var ”Guds son”, filmen ”Life of Bryan” og ”Kristendommen den syvende landeplage” som det har vore debatt rundt¹. Med dette bakgrunnsmateriale vert det ei oppgåve med fokus på å forstå/tolke kva blasfemi er og presentere kva yngre kvinner kan oppleve blasfemisk, og vurdere dette normativt.

1.1.2 Problemstilling

Problemstillinga i denne oppgåva er: Korleis oppfattar yngre kvinner som har ståstad i islam og kristendom blasfemi? For å få svar på problemstillinga stiller eg desse tre spørsmål i analysen av dei muslimske intervjuar: ”1. Er det blasfemi å teikne Muhammed? 2. Er det

blasfemi å teikne Gud? 3. Er det blasfemi å brenne Koranen? I analysen av dei kristne intervjuar stiller eg desse tre spørsmåla for å få svar på problemstillinga: 1. Er det blasfemi å døype ei dokke? 2. Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus? 3. Er det blasfemi å brenne Bibelen? Dette vert diskutert i kap. 6 på eit individnivå, der eg brukar svara frå informantane som bakteppe til å diskutere dei etisk opp mot nærleiksetikk. Dei to spørsmåla som går på brenning av Koranen og Bibelen vert samanlikna til slutt i individnivået i kap.6, under overskrifta ”Brenning av heilage bøker”. Det som inspirerte meg til å skrive denne oppgåva var karikaturstriden. Blasfemi er ikkje berre noko som skjer på personplan og eg har difor valt å ta med karikaturstriden som raste i media. Det vert lagt vekt på to mannlege redaktørar som begge kom i særskilt søkjelys, redaktør Selbekk i Magazinet og redaktør Al-Asadi i Yemen Observer. Dette fordi ikkje yngre kvinner vart utsett for klagemål og fordi dei ikkje har vore så tydelege i debatten. Dette vert knytt opp teoretisk i eit ”medienivå” der eg diskuterer det i lys av Løgstrup si etiske fordring.

1.1.3. Innhaldet i oppgåva

Våren 2006 vart prosjektskissa og intervjuguiden for dette prosjektet godkjent av min vegleiar Bård Mæland. Då var det klart at eg skulle bruka 6 informantar i ei intervjuundersøking med 3 muslimske og 3 kristne kvinnelege informantar. Oppgåva vil innehalde eit historisk resyme av karikaturstriden, klargjering av omgrepet blasfemi, eit metodekapittel, analyse av dei muslimske og dei kristne intervjuar og til slutt ein etikkdiskusjon med fokus på nærleiksetikk og Løgstrups etiske ”fordring”.

1.2 Historisk resyme av karikaturstriden

For litt over eitt år sidan, 30.09.05, publiserte den danske avisa Jyllandsposten 12 karikaturteikningar av profeten Muhammed. Dette vakte reaksjonar hoss muslimar i Danmark. Også andre muslimske miljø reagerte på dette. Det førte til at ambassadørar frå 11 muslimske land spurte om å få eit møte med Danmarks statsminister, Anders Fogh Rasmussen, 12.oktober. Dette vart ikkje imøtesett (Sun, 2006). Det gjekk ikkje lenge før det kom reaksjonar på statsministeren si haldning. Det førte til at teiknarane av karikaturane som

¹ Også andre eksempel kunne vore tekne med her.

vart trykt i Jyllandsposten 30. september, ”gjekk under jorda” 16.oktober på grunn av drapstruslar. Egypt som nasjon trua 3.november med å bryta dei diplomatiske kontaktane med Danmark (ibid).

1.2.1. Karikaturane fordømt i Mekka

Muslimar hadde på fleire måtar prøvt å få fram sine poeng ved til dømes å spørje om eit møte med Danmarks statsminister, men utan å lukkast i å komme i dialog med danske myndigheiter. 19.november reiser danske muslimar med karikaturane til Midtausten (Sun, 2006). Dette gjorde dei fordi Jyllands-Posten ikkje ville beklage, og fordi statsminister Fogh Rasmussen nekta å møte ambassadørane. Delegasjonen vart leia av Ahmed Akkari frå Århus i Danmark. Målet til delegasjonen var å reise rundt i den arabiske delen av verda med Muhammedkarikaturane, for å samle politisk støtte i saka. Delegasjonen har i ettertid fått sterk kritikk for å ha vore med på å nøre opp under det sinnet som i ettertid utarta seg. (Øverbye, 2006). Karikaturstriden hadde no nådd Mekka og 7.desember vart karikaturane fordømt i slutterklæringa frå det islamske toppmøtet, Organization of the Islamic Conference (OIC) i Mekka (Sun, 2006).

1.2.2. Brenning av flagg og ambassarar

Enno var ikkje karikaturstriden kjent for dei fleste nordmenn. Det skjedde først som følgje av at redaktør Vebjørn Selbekk, i den norske avisa Magazinet, publiserte faksimile av to av karikaturane frå Jyllandsposten, 10.01.06 (Sun, 2006). Islamske lærde oppfordra muslimar til å boikotte Danmark og Noreg for ”gjentekne åtak på den muslimske nasjonen” 21.01.06. Dei neste dagane/vekene kom reaksjonane i rask rekkefølgje. Nordmenn og danskar fekk oppleve å sjå sine respektive nasjonars flagg verta brent. Den norske og danske ambassaden i Damaskus vart angripne og nedbrent, også andre stadar vart norske og danske ambassarar angripne. Norske hjelpearbeidarar vart møtt av muslimske steinkastarar i Darfur (ibid).

1.2.3 Dei første dødsoffer

6. februar vart fem personar drepne då politiet åpna eld mot demonstrantar i Afghanistan. Dette vart dei første dødsopfra i karikaturstriden som totalt krov 140 offer. 7.februar utlyser ei Iransk avis teiknekonkurranse om Holocaust for å prøva yringsfridomen. Same dag vert den

norskstyrte leiren i Meymaneh i Afghanistan beskoten gjennom eit åtak som eksplisitt vart begrunna i karikaturane (Eide, 2006²). Tre dagar seinare går redaktør i den kristne dagsavisa, Magazinet, ut og beklagar trykkinga av karikaturane. Redaktør, V.K.Selbekk hadde då motteke 50 drapstruslar. Totalt 161 aviser og internettsider publiserte karikaturane etter at Jyllandsposten gjorde det 30.09.06 (TV2-*Truet til taushet*, 02.10.06).

1.2.4. Kva seier Grunnlova om ytringsfridom og blasfemi?

I Noreg har vi lov om ytringsfridom. Grunnlova sin § 100 inneheldt blant anna dette:

Ytringsfrihet bør finne sted. Ingen kan holdes retsleg ansvarleg for at have meddelt eller modtaget Opplysninger, Ideer eller Budskap med-mindre det lader sig forsvare holdt op imod Ytringsfrihedens Begrundelse i Sandhedssøgen, Demokrati og Individets frie Menigsdannelse (Flock og Lassen, 2006,s.10).

Er det verkeleg slik at vi kan seie eller meine akkurat det vi ynskjer, eller må vi til tider vere særskilt kritisk til det vi ynskjer å snakke om eller publisere? For å komma nærare dette temaet vil eg no referere til §142 i Norsk Lov, den såkalla blasfemiparagrafen:

Den som i ord og handling offentlig forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for nogen trosbekjennelse hvis utøvelse her i riket er tillatt eller noget lovlig her bestående religionssamfunds troslærdommer eller gudsdyrkelse, eller som medvirker hertil, straffes med bøter eller med hefte eller fængsel i inntil 6 måneder. Påtale finner bare sted når allmenne hensyn krever (Flock og Lassen, 2006,s.54).

Dette viser at paragrafen kan vera aktuell i fleire samanhengar og gjev eit grunnlag for å straffe blasfemi med fengsel, dette også med tanke på at det i ytringsfridomsparagrafen ligg rom for restriksjonar.

² Denne kjelda seier at angrepet fann stad 7.feb.06. Det gjer også andre kjelder, men det manglar kongruens mellom dato som varierer frå 7.-8. feb.06 i ulike kjelder. Ikkje alle kjeldene bekreftar den eksplisitte bakgrunnen for åtaket og ingen eg har funne brukar både 7. februar og at karikaturane var bakgrunnen for åtaket i same publisering. Det er likevel grunn til å tru at åtaket på leiren i Meymaneh skjedde 7.feb.06 og at faksimile av karikaturane i Magazinet var bakgrunnen for åtaket (Eide, 2006). Med bakgrunn i dette vart det viktig å få sikker informasjon, og eg ringte då Forsvarets forum for nærare opplysningar. Knut H. Grandhagen, Informasjonsrådgjevar i Hæren og tidlegare Presse- og informasjonsoffiser i Afghanistan, fortel i ein kommentar 11.12.06: "Den norske avdelinga i Meymaneh var i forkant av 7.feb.06 kjent med at lokale imamar hadde oppfordra til ein demonstrasjon mot leiren. Bakgrunnen for demonstrasjonen var misnøye med Muhammedkarikaturene. PRTen (provincial reconstruction team) var under oppfatning av at demonstrasjonen ville vere fredelig. Parallelt utnytta ei uidentifisert gruppa situasjonen til å laga ein væpna aksjon. Dette gjorde dei ved å setje væpna demonstrantar inn i mengda samt at afghanske politifolk som kom til då situasjonen auka i omfang vart avvæpna og våpna deira brukt til å skyta mot leiren. Utgangspunktet for demonstrasjonen var fredeleg, men den auka på og vart eit væpna åtak mot den norske leiren i Meymaneh avsluttar Grandhagen (Grandhagen, *Meymaneh-kommentar*, 2006(Sjå mail, Vedlegg 2)).

1.2.5. Aspekt ved ytringsfridom og blasfemi

Ytringsfridomen innehar i grunnlova sin § 100 også "begrensningar". Dette er nedfelt i menneskerettskonvensjonen der det står at "begrensninga i ytringsfridomen må vera naudsynt i eit demokratisk samfunn³". Prof. Dr. juris Johs. Andenæs seier: "Selv den varmaste forkjemper for ytringsfrihet må erkjenne at friheten må ha visse grenser" (Andenæs, 1997,s.84). Noregs lov § 142, blasfemiparagrafen kan sjåast på som forsøk på reduksjon av ytringsfridomen. Dette viser at det ikkje utelukkande er moralske prinsipp som ligg til grunn for ein blasfemiparagraf, dette også sidan det ligg reduksjon i paragrafen om ytringsfridom.

1.2.6. Den "sovande" paragraf

Sist gong nokon vart dømt for brot på denne paragrafen var i 1912. Redaktøren av Fritænkeren , Jens Arnfred Olesen fekk 10 kroner i bot for artikkelen "Den store humbug" (de kristnes julefeiring). I 1980 vart denne paragrafen "vekt til live" i ein kort periode. Då vart den mykje omdiskuterte filmen "Life of Bryan" av Monty Pyton vist til eit lite utval på Bergen kino 17.januar 1980. Perioden frå han vart vist første gongen til han vart vist offentleg på Saga kino 31.oktober 1980 inneheldt den største blasfemidebatt Noreg hadde hatt etter krigen. Else Germeten som då var filmkontrollen sin leiar gjekk då ut og sa at det er særskilt i avslutningsscenen at filmen strir med norsk lov, der mange korsfesta syng: "Always look on the bright sides of life" (Kluge og Stoltenberg, 2006,s.10)

I Sverige var ikkje filmen forbudt og i månadane fram mot den endelege publiseringa av "Life of Bryan" i Noreg brukte svenskane plakaten: "Filmen som er så morsom at den er forbudt i Norge"(ibid, s.12). Blasfemiparagrafen har vorte føreslege fjerna av ytringsfridomskommisjonen og straffelovskommisjonen, regjeringa og stortinget har ikkje følt anbefalinga.Mange ting kunne vorte tatt med her, eg runda av med å sei at blasfemiparagrafen har vore ein "sovande" paragraf etter dette. Det som for alvor sette den i gong igjen var striden om Muhammedkarikaturane (ibid, 2006, s.12).

1.2.7. Vert ikkje nordmenn provosert lenger?

NRK2 viste "Life of Bryan" igjen 1.februar 2006, då kom det ingen reaksjonar på filmen. I Noreg var vi då midt inne i karikaturstriden. Redaktør i Magazinet, Vebjørn K. Selbekk, som var ein av dei som trykte faksimile av Muhammedkarikaturane i Noreg, såg delar av filmen. Han måtte innrømme at han ikkje klarte å verta veldig provosert av det han såg (Selbekk, 2006,s 79). Dette gav utspring til eit nytt spørsmål: "Er det ikke lenger noe som provoserer kristne nordmenn?" (Kluge og Stoltenberg, 2006,s.12).

Nokre ting vert vi nordmenn enno provosert av. Då Trond Kirkevåg sendte i reprisesending at den korsforma bispestaven vart brukt som hoppestokk med korset opp ned, let ikkje reaksjonane vente på seg. Opp ned vert korset eit satanistisk symbol seier generalsekretær i Familie og Medier, Geir Magnus Nyborg. Han meiner at Muhammedkarikaturane har bidrege til at vi nordmenn har vorte flinkare til å reagere når Gud vert spotta. Kulturminister, Trond Giske vil ha dialog og ser at det er ting vi nordmenn framleis reagerer sterkt på. For eksempel: "Å brenne flagget. Det oppleves for eksempel som støtende, av mange, sier Giske" (Kluge og Stoltenberg, 2006,s.12).

1.2.8 Reaksjonar frå det teologiske miljø

Biskop i Oslo, Ole Chr. M. Kvarme brukar å le av John Cleese, men når han såg sekvensar av "Life of Bryan, lo han ikkje" (Kluge og Stoltenberg, 2006, s.12). I staden kjente Kvarme på eit vedmod. Kvarme seier vidare at vi har flytta tabugrensa langt dei siste 26 åra, og at vi har no kan stille spørsmålet om vi har mista respekten for det heilage på vegen. Kvarme synest likevel at han ser masse tru hos folk og at vi er i ferd med å gjenoppdage respekten for det som er heilagt i vår tradisjon, ærefrykta for Gud og ærefrykt for menneske. Leiaren av Den norske kirkes lærenemd sidan 1998, Torleiv Austad meiner vi må verta flinkare til å spørje oss om vi trampar på djupe religiøse kjensler. Gjer vi det, bør det vera noko som seier stopp inni oss, "Et moralsk stopp" (ibid,s.12). Dette peikar også førsteamanuensis Oddbjørn Leirvik på når han kjem med følgjande kommentar i Dagbladet: "Dess vidare ytringsfridomen er, dess større er også det moralske ansvaret for korleis vi brukar den" (Leirvik, 2006).

³ Ytringsfrihet - Grl. § 100, lov nr. 30/1999 (Menneskerettsloven), vedlegg 1, art.10, vedlegg 5,art.19

Har nordmenn eit moralsk ansvar ovanfor norsk lov når det gjeld blasfemiparagrafen? Eller har norske myndigheiter eit moralsk ansvar ovanfor korleis dei til no har handheva paragrafen?

Eg vil raskt oppsummere dette kapittelet med å spørje: Har heile verda fått eit anna syn på ytringsfridom og blasfemi etter karikaturstriden? Om så er tilfelle, ser det likevel ikkje ut til at blasfemiparagrafen vil verta handheva. Mange vil i framtida måtte tåle ytringar som krenkjer gudommen deira eller dei sjølve som religiøst truande menneskje. Det som er blasfemi for nokon er det ikkje alltid for andre. Oppgåva sin tittel symboliserer ei dobbel tyding. Er det som er blasfemi for meg – det same for deg? Med andre ord også om enkeltpersonar bryr seg om at andre vert utsett for blasfemi. Det er det eg har fokusert på i intervjuet. Det er i dette spenningsfeltet oppgåva vil liggje ”Blasfemi for meg – Det same for deg?”.

2.0 Metode

2.1. Undersøkinga

Denne oppgåva vil som sagt handle om etikk. For å avgrense tema har eg fordjupa meg i spørsmål om å forstå/tolke kva blasfemi er og kvifor noko er blasfemi, diskusjonen inneheld ein normativ diskusjonsdel sett saman av eit individnivå og eit medienivå. Framgangsmåten var kvalitativt ”djupneintervju”. Intervjua vart gjennomført sommaren 2006. Dei vart gjennomført med eigenprodusert intervjuguide (Vedlegg 1). Intervjuguiden og prosjektskissa vart godkjent ved Misjonshøgskolen, intervjuguiden inneheldt seks spørsmål. Eg supplerte med spontane spørsmål under sjølve intervjua. Målet med intervjuguiden var å utfordre kristne og muslimar på om blasfemi for meg også er blasfemi for deg? Difor valte eg å ta utgangspunkt i begge religionar sin/sine trusartiklar eller dogme. Informantane gav skriftleg samtykkje om å vera deltakande. Alle intervjua vart tekne opp på MP-3 opptakar, transkribert og analysert. Misjonshøgskolen er ikkje ansvarleg for analysen av intervjua. Prosjektskissa og intervjuguiden er også godkjent av Norges samfunnsvitenskapelige datatjeneste (NSD), 17.08.06.

2.1.1. Utval

For å få svar på spørsmåla i intervjuguiden valte eg å bruke kvinner. Årsaka til at eg valte kvinner er at dei historisk sett ikkje har hatt same mogelegheit som menn til å opptre på den religiøse agenda. Vidare bestemte eg meg for å intervju kvinner med høgare utdanning for å gjera ei avgrensing. Eg gjekk då ut frå at eg ville få eit utval som var homogent med omsyn til alder. For å finna eit utval har eg valte eg å bruke ”snøballmetoden”. Denne metoden såg eg som mest relevant. Årsaka til dette er at eg skulle finna kvinnelege informantar som tilhøyrer kristendommen og islam og slik sett kunne gjere dette ved å bruka venner og bekjente til å finne fram til informantane. Kriteriet for informantane var at dei bekjente kristen eller islamsk tru. Dei kristne kvinnene rekna seg som kristne og er medlemmer i Den Norske Kyrkja. Dei muslimske kvinnene rekna seg som muslimar. Utvalet består totalt av seks informantar, tre kristne og tre muslimske kvinner. Eit anna kriterium var at dei skulle bu i eller rundt Stavanger. Storleiken på oppgåva skal vera 60-80 sider og tilseier at seks intervju vil gje nok informasjon til å gje svar på spørsmåla som vart stilt (Flick, 2006,s.118).

Som nemnt nytta eg ”snøballmetoden” for å finne informantar. Det gjorde eg gjennom å ta kontakt med kjenningar. Dei vart spurt om dei hadde personar i sitt nettverk som kunne vera aktuelle informantar. På denne måten fekk eg tak i dei fyrste informantane. Desse var behjelpelege med å gje meg opplysningar så eg kunne finne fleire relevante informantar (ibid,s.118).

2.1.2. Intervjumaterialet

For å analysera intervjuar byrja eg med å lesa gjennom dei. Intervjumaterialet var på seks intervju på 12-20 sider kvar. Det tok frå 37-66 minutt å gjennomføre intervjuar. For å gjera intervjuar tilgjengelege for analyse er det viktig å bryta ned teksten i mindre einingar. ”Å analysere betyr å dele opp noe i biter eller elementer” (Kvale, 1999,s.118). Det gjorde eg ved å fargekoda utsegn som hadde relevans for kva eg skulle analysere. Ut frå det valte eg tre kategoriar både frå dei muslimske og kristne intervjuar. Kva oppfatta dei muslimske kvinnene som blasfemi når det gjaldt å teikne Muhammed, teikne Gud, brenne Koranen? Kva oppfatta dei kristne kvinnene som blasfemi når det gjaldt å døype ei dokke, hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus og brenne Bibelen? Etter det laga eg tre matriser etter dei tre fargane. Matrisene omhandla dei tre hovudspørsmåla i intervjuar, det informantane vart utfordra på det som kunne oppfattast som blasfemiske uttrykk i islam og kristendom. Alle sitat som er henta frå intervjuar og brukt som sitat i analysen er referert med nummer (1-6) på slutten av kvart sitat. Nummera indikerer kva for eit intervju dei er henta frå. Dei muslimske intervjuar har nummera (2, 5 og 6). Dei kristne intervjuar har nummera (1, 3 og 4).

2.1.3. Metodediskusjon

Eg valte å bruke kvalitativ metode i denne oppgåva. Det var eit behov for å komma nær informantane sine tankar og følelsar kring blasfemiske ytringar som fekk meg til å velje kvalitativt. Å bruke kvalitativ metode gjev mogelegheit til å få tak i haldningar og meiningar som vanskeleg ville komme så lett til overflata i ei kvantitative spørjeundersøking. I motsetnad til å nytte spørjeskjema som ikkje gjev mogelegheit til å gå i djupna, har eg valt å bruke ”djupneintervju” til å komma inn på det sensitive og detaljerte rundt blasfemi og korleis den møter yngre kvinner i islam og kristendom. Dette er årsaka til at intervjuguiden inneheld opne spørsmål, det gjev mogelegheit til tilleggsspørsmål og oppklaringsspørsmål i intervjusituasjonen.

Som eg var inne på var inne på vart dei kvinnelege informantane valt med bakgrunn i at kvinner historisk sett ikkje har hatt likeverdige mogelegheit til "den frie ytring" korkje i islam eller kristendom. Det er med hovudtyngde menn som har fått boltre seg på dei fleste arenaer slik også på den religiøse arena. Sjølv om kvinner fekk stukke ein mikrofon opp i ansiktet til dømes i nærleiken av "Akersgata" og spurt om kva dei meinte gjennom karikaturstriden. Det vaks då fram eit ynskje om å komme muslimske og kristne kvinner nærare under "huda" når det gjaldt blasfemiske ytringar.

Det var viktig for den kvalitative metoden å velje ein god metode for å finne informantar til intervjuundersøkinga. I byrjinga prøvde eg å finne informantar ved å stoppe tilfeldig forbipasserande og spørje om eg fekk eit par minuttar til å presentera mitt prosjekt. Det gjekk ikkje særleg bra. Dei fleste hasta vidare eller ignorerte mine meir eller mindre vellukka framstøyt. Det verka som kvinnene trekte seg unna fordi eg var mann. Dette sette meg på sporet av å finne ein metode som ville virke til hensikta og som ikkje skremte vekk informantane før dei skjønnte kva prosjektet handla om og kvifor eg ville bruke akkurat dei. I boka til Uwe Flick (2006) fann eg det eg leita etter. "Snøballmetoden" legg til grunn å komma i kontakt med informantane gjennom vener og kjente. Dette var ein metode som ville kunne gjere vegen min mot å få dei seks informantane eg trengte noko lettare. Det viste seg også å stemme. Dei seks kvinnene fann eg fram til gjennom vener og kjente og berre to av dei som vart spurt reservert seg for å vera med. Det var ein merkbart høgare prosent enn mine første spede forsøk og noko som gjorde at eg definitivt valte å gå for "snøballmetoden" (Flick, 2006, s.118).

I denne oppgåva der yngre muslimske og kristne kvinner vart intervjuet om korleis dei oppfatta blasfemi, kom det fram nær, følelsesmessige og sensitive reaksjonar på det dei vart utfordra på. "Blasfemifølelsen" som kom fram i intervjuet og opplysningane dei gav vart det mi oppgåve å analysere til beste for det som er mitt prosjekt: "blasfemi for meg – det same for deg". Det skal diskuteras innanfor ei etisk råme, i lys av det eg hadde funne ut gjennom analysen av intervjuet. Teke i betraktning at eg gjennom karikaturstriden fekk kjenneskap til eit felt eg ikkje tidlegare hadde gjeve stor merksemd var det naturleg å også gje karikaturstriden plass i oppgåva og diskutere nokon av redaktør i Magazinet, Vebjørn K. Selbekk sine erfaringar etisk og hans muslimske kollega i Yemen Observer, Mohammed Al-Asadi. Ut frå dei mange mellommenneskelege frå perspektiv, informantane og mellom anna Selbekk si bok, "Truet av Islamister" (2006) vart det eit lite prosjekt i seg sjølv å finne noko

som ville gje eit godt grunnlag for ein diskusjon. Det vart etter ei tid klart for meg at dette måtte handle om eit individnivå og eit medienivå. Individnivået vert presentert gjennom nærleiksetikk, ut frå ”ansiktets” filosof, Levinas. Det vart eit val med tanke på eit individnivå og at alle menneskjer i følgje Levinas har eit ”blottstilt ansikt” i møte med det andre menneskjer (Henriksen og Vetlesen, 2006). Det fører vidare inn på noko ein dansk prest og filosof brukte mykje av sitt liv på å studere og komme fram til; Løgstrup og ”den etiske fordring”. I eit medienivå der det var viktig å finne ein etikk som kunne brukast på korleis media møtte ulike personar vart fordringa at ein alltid har ein porsjon makt å bruke i møte med den andre. Media brukar, eller misbrukar? fordringa godt, dei brukte den, som Løgstrup kunne sagt, gjennom heile karikaturstriden (Løgstrup, 2000).

2.1.4. Presentasjon av informantane

Eg vil presentera informantane etter kva religion dei tilhøyrer. Alle informantar er ”yngre kvinner” og bur i eller rundt Stavanger. Først vil eg presentera dei muslimske informantane og sidan dei kristne.

Dei kvinnelige muslimske informantane kom to frå Irak og ei frå Pakistan. Felles for dei tre er at dei er yngre muslimske kvinner, har høgare utdanning, har flytta til Noreg og vorte buande i eller rundt Stavanger. Alle har den næraste familien i Noreg. Av profesjon er dei sjukepleiar, lærar og fysioterapeut. Informantane er i 20-30 åra.

Dei kristne informantane er frå områda i eller omlanda rundt Stavanger. Alle bur for tida i Stavanger. Av profesjon er dei sjukepleiar, lærar og student. Felles for dei tre er at dei er yngre kvinner, har høgare utdanning og at dei er medlemmer i Den Norske Kyrkja. Dei har alle sin næraste familie buande i nærleiken av studiestaden eller arbeidsplassen. Informantane er i 20-30 åra.

3.0 BLASFEMI

3.1 Omgrepet blasfemi

Omgrepet blasfemi vert til dømes hos Lawton (1993) gjort lingvistisk greie for slik. Han referer til Lidell og Scott`s Greek Lexicon:

The word 'blasphemy' combines two roots - 'to hurt' and 'to speak' (-pheme as in 'fame', so 'defame') hence 'to harm by speaking' as in Leviticus 24 (a hurt sometimes conceptualised in highly physical terms). In Greek it functions as the opposite of the more common religious word 'euphemein', to use words of good men, to avoid unlucky words during religious sites, 'hence' - I am citing Lidell and Scott`s Greek Lexicon- 'as the surest way of avoiding them, keep a religious silence' (Lawton, 1993, s.14).

Blasfemi betydde til dømes å ærekrenke, nedverdige, spotte eller skadeleg tale. Det motsette, "euphemein" betyr å tale vel/bruke ord frå gode menn. Det har som blasfemi bakgrunn frå gresk etymologi. Det er historisk sett kjent at å tale om Gud i det heile tatt kunne verta oppfatta som blasfemi. Det har vore rekna for eit tabu å uttale Guds namn (ibid 1993, s.14).

I Noreg har det vore mest vanleg å snakke om omgrepet blasfemi når det gjeld om ulike handlingar og uttrykksformer er å spotta Gud. Dette har til dømes vorte utfordra gjennom menneskjer si frie ytring eller gjennom media. I mange samanhengar er det heller ikkje tabu å uttale Guds namn. Dette viser at vi i det norske samfunnet i den seinare tid kanskje har fått ei smalare forståing enn den leksikalske oppfatninga av kva blasfemi er. Vi godtek kanskje meir enn tidlegare, men vi er også meir spesifikke på defineringa av blasfemi. Dette vart kanskje svært tydeleg då karikaturstriden verserte i media og samfunnsdebatten etter karikaturane hadde stått på trykk i Jyllandsposten og faksimile av dei i Magazinet.

Eg vil no presentere to utvalte definisjonar på blasfemi:

En grunnleggende gudsbespottelse; handling eller ytring som undergraver aktelsen for den herskende religion eller krenker den enkeltes religiøse følelser" (Berulfsen og Gundersen, 2000, s.59).

Denne definisjonen passar til dømes i Noreg der vi har ei ordning med det ein på folkemunne kallar for "statskyrkja", Kyrkja Den Norske. Skal ein lesa denne definisjonen bokstaveleg vil

det sei at vi her i Noreg kunne ekskludert blasfemiske ytringar mot anna religionsutøving enn kristendommen på grunn av at det står ”den herskende religion”. Ein kan tolka dette som om ein som kristen vil ha individuell rett til å utøve sin religion og ikkje verta krenka i forhold til denne. Dette fordi vi i Noreg har kristen føremålsparagraf, og kristendommen er ”den herskende religion”. Den herskande religion vil ikkje til alle tider vera ein gjeven størrelse og kan difor også inkludere andre religionar.

Definisjonen seier også at blasfemi går på krenking av den enkelte sin religionsfridom. Dette var kanskje det som kom til uttrykk i karikaturstriden. Eit døme er at muslimar reagerte på faksimilen av Muhammedkarikaturar i den kristne avisa Magazinet. Ein av konsekvensane av dette var at redaktør i Magazinet, Vebjørn Selbekk, mottok e-post med bilete av lik som signaliserte kva som skulle skje med Selbekk. Dette førte mellom anna til at V. Selbekk og hans kane/born og nære familie fekk politivern og reiste til Meråker i ”politisk asyl” (Selbekk, 2006, s.64-5).

I følgje Lawton er blasfemi som ”ei forgifta form for ein hermeneutisk sirkel” (Lawton, 1993, s.5). Han meiner at blasfemi frå naturen er retorisk, meir verbal enn intellektuell. Dermed vert blasfemi ein slags støy, kor sjølve innhaldet er vranglære. Lawton vel difor å ikkje laga ein definisjon på blasfemi. Han skriv:

Blasphemy is a word of such terrible sound that it frightens men of weak minds and weak nerves. It has been applied so variously, that all who make use of it attach their own signification. Wright is entirely correct. Blasphemy is essential rhetorical; the other form of the word that has entered the English language is 'blame', the opposite of praise. Blasphemy stands for whatever a society most abhors and has the power to prosecute. It is a form of religious vituperation against those hwo have transgressed the timeless thruths that a society cherishes. That is why its nature, along with the timeless thruths changes over time (Lawton, 1993,s.2).

Lawton meiner at det ikkje kan vera ein definisjon på blasfemi fordi ingen grupper kontrollerer omgrepet konsekvent over tid. Verdiar forandrar seg og ”oversanselege” verdiar forandrar seg meir enn noko anna (Liddell og Scott's Greek Lexicon, sitert i Lawton, 1993, .5). I følgje Lawton er blasfemi essensielt retorisk. Retorikk føregår i lufta mellom to eller fleire partar. I enden av ordsiftet og replikkane vil det vise seg kven det er som har tapt eller vunne. Her vil den som tapte falle som ei form for objekt for den andre (ibid). Opplevinga av blasfemi er subjektiv, og mennesker har forskjellige verdiar. Difor vert også blasfemi definert

ulikt innan ulike verdisett. Eg vil difor vidare i kapittelet definere kva som mellom anna i islam og kristendommen vert oppfatta som blasfemi.

3.2 Blasfemi i islam

Det er vanskeleg å snakke om blasfemi i islam utan å snakke om gudsforståinga i islam som ligg tett opp til Jødedommen. Den har liksom jødedommen monoteisme. Omgrep som "einaste" og "eining" er sentrale dogme og fundamentalt i islamsk teologi (Khader, 2004).

3.2.1 Guds eining

I Koranen (Sûra, 112) vert Guds eining forkynt:

Si, 'Han er Gud, En. Gud, den ene Omsorgskilde. Ikke har han avlet noen, ei heller er Han selv blitt avlet. Ingen er Hans like (Sûra 112).

Ein slik måte å definere gudsforståinga på gjer islam svært sensitiv i forhold til kva som kan føra til forfalsking av Guds eining. Å antyde at det finst andre gudar enn Allah, tilbe eller sidestille andre gudar med Allah er rekna for det grovaste overtramp du kan gjera. Dette vert i islam kalla for "shirk". Å begå "shirk" vert etter islamsk rett rekna for ei dødssynd. "Shirk" kan samanliknast med det første av dei ti bod i Bibelen. Å snakke stygt om Gud, spotte og stille spørsmål ved Guds eksistens er noko av det verste ein muslim kan gjera. (Khader, 2004). Eit døme på dette var Hussein al-Hallaj (Død 922 e.kr.) som mellom anna vart kjent for sin død på korset for blasfemiske utsegn⁴. Han var også kjent for å vera mellom dei "berusede mystikere" (Roald, 2004,s.132).

3.2.2 Muhammed - ein heilag person

Muhammed har ein opphøgd status i islam. Dette fordi Guds ord vart openbart til han gjennom erkeengelen Gabriel år 610 e.kr. Det er dette som er nedteikna i Koranen.

Muhammed var eit menneske, men vert likevel rekna for "Guds (siste) profet" (Khader,

⁴ Jesus lei korsdøden og vart dømt for blasfemiske utsegn om at han var Guds son. Hussein al-Hallaj sin korsdød viser at islam også har erfaring med denne type avstraffing på same grunnlag som med Jesus, men sidan Jesus også vert rekna for ein profet i islam kan dette for ein muslim vise at å begå blasfemi eller shirk kan føre til korsdød eller dødsstraff på anna måte.

2004,s.31). Muhammed er islams viktigaste profet og vert rekna for ein heilag person. Difor er det også at muslimar kan meine at å spotte han er blasfemi (ibid, 2004).

3.2.3 Guds eige ord

Koranen er evig og uskapt, ein original som er i Himmelen hoss Allah. For ein truande muslim er Koranen Guds eige ord til menneska. Menneska opplever ofte at når tekst frå Koranen, særleg når den vert lest høgt, er vakker og gjev emosjonelle opplevingar (J. Hjärpe, 2005, s.28). Særleg for ortodokse muslimar er det ikkje det same kva slags språk dette vert gjort på. Dei meiner Koranen bare skal vera skriven på originalspråket, arabisk. Den skal også berre lesast og siterast på arabisk. Om nokon vil formidle tekst frå Koranen på eit anna språk, må vedkommande først sitere på arabisk før det vert oversett til andre språk. Noko anna vert oppfatta som blasfemisk (Khader, 2004).

3.3 Blasfemi i kristendommen

Blasfemi har i kristendommen røter tilbake til det gamle testamentet: ”Gud skal du ikkje spotta, og ein hovding i folket ditt skal du ikkje forbanna” (Ex.22.28).

Gudsforståinga i kristendommen går ut på å tru på ein monoteistisk Gud, på lik linje med islam (Khader, 2004). Det første av dei ti bod lyder slik: ”Du skal ikkje ha andre Gudar attåt meg” (Ex.20.3). Det står i Lev.24.16: ”...den som spottar Herrens namn skal døy”. Dette viser at Gud er heilag og ikkje skal krenkast. Det nye testamentet i Bibelen tek dette vidare.

3.3.1. Jesus - ein heilag person

I kristendommen er Jesus det inkarnerte menneske, Guds son. For kristne vert då Jesus ein heilag person og bindeleddet mellom Gud og menneske. Det kan verke ironisk at klagemålet mot Jesus var blasfemi, fordi han hadde kalla seg sjølv ”Guds son”. Øvstepresten spurte ”Det høge rådet” kva dei meinte om ein slik påstand., ”Alle sa han var skuldig til å døy” (Mk.14.64). For kristne vil det kunne oppfattast som blasfemi å spotte namnet Jesus eller til dømes også spott mot Den Heilage Ande som det ikkje finst tilgjeving for (Mt.12.31;Mk.3.29).

3.3.2. Krenking av heilage handlingar

Sakramenta dåp og nattverd er sentrale i forståinga av kristendommen og for Den Norske Kyrkja. Det er då vesentleg å vise til at Jesus innstifta dåpen (Mt.28.18-20) og Jesus innstifta nattverden (Lk. 22.14-20). Kyrkja har i ettertid betrakta dette som heilage handlingar (sakrament). Det som gjer dåpen til ein kristen dåp er at den vert gjort ”i den treenige Guds navn” (Dokka, 2000,s.161). Det vil sei at om du krenkar dåpen, krenkar du Gud, sidan det er Gud som er ”subjekt” eller ”Gud sjølv som handlar” i dåpen (ibid, 2000,s.161). I nattverden tek til dømes Luther utgongspunkt i dei ”ydre teign”. Nattverden har ”Brødets og vinens skikkelse”, fordi vi skal ete og drikke det. Slik tek vi del i ”nadverens måltid”. Vi er med i nattverden sin andelege lekam og difor også Kristi ”åndelige legeme”, vi vert då ein del av felleskapet med Kristus og alle hans heilage i nattverden. Det vert også framheva at nattverden er ei gåve: ”Nadverens gave er altså felleskapet med Kristus”. Denne gáva har ein karater: ”I nadveren tilsiger Gud oss syndenes forlatelse og Kristi (og alle hans helliges) hjelp mot synden og Kristi forbøn hos Faderen” (Gregersen, 1992,s.232). Det er også viktig at vi tek i mot nåden i nattverden. Om nokon krenkar nattverden, sameininga mellom dei truande og den nåde som vert gjeven av Gud, kan vi vanskeleg utelukke dette som blasfemi.

3.3.3 Krenking av Guds ord

”La namnet ditt helgast” (Mt. 6.9 og Lk.11.2) er den første bøna i ”Fader Vår”. Dette namnet skal difor ikkje vanheilagast. Guds namn og ord er heilag. For kristne er Bibelen Guds ord, sjølv om det mellom kristne kan vera rom for ulike tolkingar av kor mykje som er Guds reine ord eller ord med menneskeleg påverknad. Det kan difor tolkast som blasfemi å krenka Bibelen.

4.0 ANALYSE AV INTERVJU MED DEI MUSLIMSKE INFORMANTANE

4.1 Presentasjon av spørsmåla i analysen

Spørsmålet i problemstillinga er: Korleis oppfatta yngre kvinner med ståstad i islam og kristendom blasfemi? Dette vert diskutert i kap. 6 på eit individnivå, der eg brukar svara frå informantane som bakteppe til å diskutere dei etisk opp mot nærleiksetikk. I kap. 4 og 5, vert det stilt følgjande spørsmål som bakgrunn for analysen: Er det blasfemi å teikne Muhammed, Gud og brenne Koranen? Er det blasfemi å døype ei dokke, hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus og brenne Bibelen? Målet er å identifisera kva kvinnene relatera som blasfemi innan islam og kristendom. Det vart difor eit poeng å bruke heilage uttrykk innan islam og kristendom og utfordre informantane til å reflektere rundt situasjonane dei vart utfordra på. Spørsmåla om å brenne Koranen og Bibelen vert samanlikna i diskusjonen i kap. 6, som eit eige tema under overskrifta: ”Er det blasfemi å brenna heilage bøker?”

Det vil sei at det var karikaturstriden som inspirerte meg til å skrive denne oppgåva. Blasfemi er ikkje berre noko som skjer på personplan og eg har difor valt å ta med karikaturstriden som raste i media. Dette vert knytt opp teoretisk i eit ”medienivå” der det i kap.6 vert diskutert i lys av Løgstrup si etiske fordring.

4.2 Presentasjon av analyse frå intervju med dei muslimske informantane

Eg vil under presentera analysen av intervju med dei muslimske kvinnene. Etter ein del innleiande spørsmål gjekk eg så meir direkte inn på kva blasfemi er og kva det ikkje er sett i lys av det å teikne Muhammed, Gud og brenne Koranen. Dei svarte i ulik grad om til dømes teikningar av Muhammed, teikningar av Gud og brenning av Koranen er blasfemi. Gjennom spørsmåla kom det fram at å teikna Muhammed var det mest nærliggjande for dei å tenkje på i kjølvatnet av karikaturstriden.

4.2.1 Er det blasfemi å teikna Muhammed?

Eg presenterer eit utval av empirien og analysen frå intervjuet med dei muslimske kvinnene, gjennom å stille tre spørsmål:

1. Er det blasfemi å teikna teikningar av Muhammed?
2. Er det blasfemi å teikna teikningar av Gud?
3. Er det blasfemi å brenna Koranen?

1. Spørsmål: Er det blasfemi å teikna teikningar av Muhammed?

Sterke følelsar vart sette i sving då karikaturar av Muhammed i Jyllandsposten og faksimile av karikaturane vart publisert i Magazinet. Når vi går ut frå at det er karikaturar av Muhammed som vart publisert og faksimile av dei betyr det at dette ikkje er snakk om utan vidare harmlause teikningar sjølv om det kan vera eit diskusjonsspørsmål (Sjå definisjon på karikatur i kap. historisk resyme).

Dette viser blant anna følgjande svar på spørsmål om teikningar av Muhammed er blasfemi: "Dei burde ikkje gjort det. Altså eg ville ikkje drepe nokon, viss du hadde teikna ville ikkje eg drepa deg (6)". "Dei burde ikkje gjort det (6)" viser tilbake til trykking av Muhammedkarikaturane. Å bruka omgrep som å drepa, "Altså eg ville ikkje drepa nokon" er ei svært sterk formulering ovanfor ein trykt teikning av Muhammed. Det vil med andre ord seie at informanten har måtte tenkja gjennom om det er grunnlag for ei slik handling, som reaksjon på den ytring dei trykte karikaturane av Muhammed var. Islam brukar dødsstraff som ei ytre grense på blasfemi i forhold til ein muslimsk definisjon på blasfemi. Det kan også tolkast som informanten viser forståing for dei sterke reaksjonane som kom som følge av karikaturstriden. Det ligg her også til grunn at ho kjenner seg igjen i reaksjonsmåtar som vart nytta og den ytring som også vart brukt i karikaturstriden.

Trass dette er utsegna og det og sjå teikningar av Muhammed svært ulike mellom informantane. Ein kunne kanskje forvente at informantane hadde samanfallande syn på dette, men det viser ikkje svara dei. Tvert i mot uttalar den eine eit sterkt ynskje om å sjå bilete av Muhammed. Den yngre kvinna seier, at heilt frå ho var barn hadde eit sterkt ynskje om sjå bilete eller teikningar av Muhammed. Ho skildrar ein episode ho hugsar frå barndommen på

følgjande måte: ”Eg tenkte alltid på kvifor vi ikkje hadde bilete av Muhammed på veggen, eg ville sjå, men mora mi sa nei, vi har ikkje lov til å sjå sånne ting (2)”. Dette kan tolkast som at ho ikkje følte seg eller føler seg krenka av å sjå teikningar av Muhammed og at ho ikkje ser på dette som blasfemi. Ho er tvert i mot open for denne type ytringar og vil gjerne sjå teikningar av Muhammed. Det kan også tolkast som eit døme på at ho på dette punktet er i opposisjon til muslimar, som si eiga mor handhevar eit biletforbod i islam. Det er også kjent at biletforbodet ikkje vert handheva like sterkt i alle muslimske samanhengar. Særleg i Iran der dei fleste shia-muslimane heldt til finst det ei lang rekke teikningar av Muhammed. Det er sunnimuslimane som sterkast har handheva biletforbodet i Koranen. Dette kan forklare svara frå informantane. Det er likevel ikkje ein absolutt konsekvens i svara deira. Ytterpunkta går mellom det å vilje sjå bilete av Muhammed til å meine at dei som har teikna er kunnskapslause.

Her eit utsagn frå den eine kvinna: ”Dei som teiknar sånne teikningar har ikkje mykje kunnskapar. Dei har ikkje mykje forståing for kva dei heldt på med (6)”. Mens den eine meiner at Muhammed ikkje skal teiknast, fortel dei to andre at dei ikkje vil oppleve slike teikningar som blasfemiske. Likevel er dei to informantane svært tydelege på at dei som har teikna teikningane burde forstått at dei ved å ytre seg slik ville provosere mange. Det er spanande at to av dei tre ikkje opplever teikningane blasfemisk sjølv om Koranen er tydeleg på at dette er eit forbod. Ved å tale direkte mot det som står i Koranen er det mogeleg å stille spørsmål ved kven det er som kan definere seg sjølv som muslim og difor definerer ut frå eigne oppfatningar kva som er blasfemi. Dette fordi den eine informanten er tydeleg på at det er blasfemi å trykkje teikningane når dei to andre ikkje er av same oppfatning.

Ein av informantane som ikkje ser på sjølve trykkinga som blasfemi uttrykkjer det på denne måten: ”Kvifor gjere noko som sårar mange? Det er veldig feil og eg reagerer akkurat som muslimane har reagert (5)”. Informanten gjer her greie for at mange kan verta såra av å sjå trykte teikningar. Det kan bety at å sjå teikningar rører ved personlege følelsar, ikkje berre eit forbod i forhold til religionen eller noko som står i Koranen. Informanten viser at å gjera noko som sårar mange er ”veldig feil”. Det er i den samanheng truleg at det ein definerer som feil er brot på kva som står om krenking eller blasfemi i Koranen. Det kan også vera ut frå religiøse prinsipp eller etikk som er tillært gjennom det å vera muslim. Å utfordre noko som står i Koranen kan på den måten vera gjenstand for vurdering av korleis dette skal verta straffa. Gud krev straff for brot på påbod i følgje Islam.

Det kan kanskje eksklusivt også vera ”veldig feil” å sára menneske i følgje informanten. Ho snakkar her ut frå sine eigne kjensler og refererar ikkje direkte til spørsmålet om kva som er blasfemi eller ikkje. Dette viser at for henne er ikkje dette eit spørsmål om blasfemi, men eit spørsmål om kva slags kjensler som vert utfordra, og om å ha respekt for andre menneskjer.

Det er også eit moment i denne utsegna som viser at ho på ein måte kan identifisere seg med muslimar som reagerte sterkt. Ikkje alle muslimar reagerte like sterkt, slett ikkje alle brukte vald i forsøk på å nå fram med sine syn. Deira kjensler hadde vorte krenka og dei som reagerte til dømes i Danmark, gjennomførte voldsaktige demonstrasjonar. Dei gav uttrykk for at deira religiøse kjensler vart krenka. Profeten Muhammed hadde vorte karikert og publisert og dei ropte etter hemn over dette. Det var blasfemi for dei og dei ropa på hemn.

Deira profet skulle ikkje verta behandla slik. Informanten fekk kjenne på at det å trykkje noko som var blasfemi for andre ikkje burde trykkjast med omsyn til at ein kan sára andre sine følelsar, men oppfattar ikkje sjølv at det var blasfemi i publikasjonane. Å kjenne på følelsen av kva som er blasfemi kan også vera å oppfatte noko blasfemisk, sjølv om ikkje dette vert sagt direkte. Ho kan ut frå dette meine at det var sára følelsar som fekk sitt utløp i karikaturstriden, men at desse følelsane ikkje fekk utløp gjennom hennar eiga følelsesregister på annan måte enn at ho kunne identifisere seg med reaksjonane og sára følelsar hoss andre. Når to av kvinnene ynskjer ytringsfridom i islam, seier dei også at dei er mot dødsstraff, for å vise ytterpunktet. Det vert eit meir sekulært standpunkt enn kvinna som gjerne ser at ytringsfridomen skal kontrollerast, men alle tre kvinnene er einige i at ein skal gå fram med varsemd ovanfor kva ein vel publisere. Det vert til slutt eit spørsmål om korleis dei tolkar Koranen si behandling av biletforbod.

På spørsmål om dei sjølv tok seg nær av publisering av teikningane/karikaturane svarte ein informant blant anna: ”Eigentleg så har eg ikkje så mykje forhold til akkurat teikningar, dei som har vett gjer ikkje det. Det er dei som ikkje har forståing for våre verdiar som gjer sånn (6)”. Å ha forhold til noko kan kategoriserast på fleire ulike måtar. Det informanten her snakkar om er at ho ikkje har eit nært forhold til teikningar av Muhammed. Det betyr ikkje at ho ikkje har sett teikningar eller at ho ikkje vil sjå det. Det er eit generelt svar på eit konkret spørsmål. Eller er det slik? Det kan vera ein mogelegheit at ho ikkje ynskjer å sjå teikningar av Muhammed grunna biletforbodet i Koranen, og difor ikkje har sett

Muhammedkarikaturane frå karikaturstriden. Det er også eit moment at ho ikkje behøver å ha sett karikaturar i det heile tatt fordi ho ikkje ynskjer det sjølv. Hennes svar kan også vera grunna i at informanten er intellektuell og skjønner at karikaturar ikkje først og fremst er meint for å provosera. Grunngevinga kan likevel tolkast i retninga av at ho svarar ut frå kva Koranen seier om bilete og biletforbod. Det kan hende ho svarar vagt med omsyn til religionen, og difor på ein måte er skånsam ovanfor intervjuaren og lesarane. Det er også ei form for ytring, å sei mindre enn det som er naturleg.

Informanten peikar vidare på at det er dei som ikkje har "vett" som gjer slikt. Det vil sei at kunnskapar kan vera avgjerande for korleis ein muslim vil oppfatte ei trykking av Muhammedkarikaturar. Det er på ei anna side spanande å vurdere om dette kjem av kognitive tankar eller om det kjem av det informanten ville vurdere som moralsk/umorsk. Å ha vett kan om mogeleg definerast innanfor det å ha moralsk kunnskap. Det vil sei å ha kunnskap om etikken som ligg som grunnlag for å handle moralsk eller umorsk. Når vi ser tilbake til kva som kan skje når religiøse følelsar vert krenka, til dømes i karikaturstriden vil det kanskje ikkje overraske oss at informanten uttalar seg slik ho gjer. Å ha "vett" vil fungere som ein styrke i situasjonar som kan krevje det. Å handle umorsk kan kanskje også vera det, det kjem an på kven det er som definerer kva som er moralsk og kva som er "vett/uvett". I informanten sitt tilfelle er det snakk om det å teikne Muhammed er blasfemi. Ut frå kva bakgrunn ein har er det spanande å sjå at det også innanfor muslimske miljø kan vera ulike definisjonar på dette. Det er mogeleg å vurdere om dette kan handle om ulike fraksjonar mellom muslimar. Som eg har vore inne på at shia/sunni-muslimar oppfattar biletforbodet ulikt. Sunnimuslimane handhevar biletforbodet sterkast og då er det sansynleg at det er dei som vil reagere sterkast på ei trykking. At det er eit blasfemisk uttrykk å trykkje teikningar av for muslimane den heilage Muhammed er kanskje sjølvstøtt også for utanforståande. Det er kanskje eit moment her at det ikkje er det same om det er ikkje-truande eller truande muslimar som gjer det. Tanken bak, ytringa sin avsendar har med andre ord medverknad for korleis mottakaren vil reagere på å verta krenka. Informanten vil kanskje ikkje konkludert akkurat slik, men ho ville kunne reagert både kognitivt og moralsk/umorsk alt etter kva for eit inntrykk ho sat att med.

Fleire norske aviser trykte faksimile av karikaturane før avisa Magazinet og det var først då dei trykte faksimile av karikaturane i Magazinet at reaksjonane kom i Noreg. Norske muslimar og eventuelt andre muslimar hadde kanskje håpa på at ingen av dei kristne avisene

eller mediekanalane ville publisere karikaturane. Eventuelt med bakgrunn i å vise respekt for ein annans religiøse følelsar. Muslimar følte nok difor behovet sterkare for å reagere når det var ei kristen avis som trykte dei i Noreg. Det kan hende dei forventa ein annan moralsk eller etisk standard frå ein religion nær deira eigen, men vart skuffa og såg det naudsynt å få fram at dette ikkje var akseptabelt og gjekk over grensa for deira ytringsfridom og det ein del muslimar kallar blasfemi.

Om hennar utsegn om at det er dei som ikkje har ”vett” som gjer slikt kan tolkast ut frå at redaktøren i Magazinet ikkje har ”vett”. Det kan også tolkast ut frå ei generell vurdering av at det er det same kven som vel å trykkja karikaturar og då har dei ikkje ”vett” om dei er muslimar, kristne eller har ei anna religiøs oppfatning. Særskilt om det berre vert gjort einast for å provosera fram krenkande følelsar som kan verta tolka som blasfemi.

Informanten seier også at det er dei som ikkje har ”peiling” som gjer sånn. Det er sterkt å bruke uttrykk som vett og peiling, men det viser at følelsane ovanfor det som vert gjort er sterke og nærverande. Utsegna kan stå for seg sjølv, men viser at om informanten ikkje har så sterkt forhold til teikningar er dette eit tema som tydeleg engasjerer og får personlege tankar i sving om temaet blasfemi.

Eg reagerte egentleg veldig mykje på det...Eg kjente også at det vart feil, men kven byrja først, det er det som er spørsmålet...Ja, eg er altså muslim på papiret, men eg reagerte, ja, som eg ville reagert om det var Jesus (5).

Informanten reagerte på trykkinga. Ho legg vekt på at ho ”eigentleg” reagerte veldig mykje på det. Det er eit lite forbehold i ordet eigentleg. Det er likevel ei sterk erkjenning å sei at ho reagerte mykje på det. Denne reaksjonen byggjer seg vidare opp mot at informanten kjente at det vart feil. Å kjenne at noko er feil er ikkje det same som at noko er blasfemi, så lenge dette ikkje vart konkretisert, men reaksjonen er antakelig sterk nok til at det tenderer i retning mot at det var blasfemisk.

Kvifor vel informanten å leggje vekt på at ho berre er muslim på papiret? Er ho redd for å sei at ho er ordentleg muslim? Kva er ei slik frykt eventuelt grunna i? Vil ho ikkje verta identifisert med sterke reaksjonar frå muslimar eller meiner ho rett og slett det ho seier? Det kan vera ein moglegheit å sjå at ho syntes dei har reagert for sterkt, men ikkje ynskjer å stå fram og seie dette i offentlege fora. Om ho til dømes skulle vera redd for sin muslimske

identitet kan det sjå ut som det er vanskeleg å gå hardt ut å proklamere at noko er blasfemi. Ikkje fordi ho ikkje vil, men fordi muslimske leiarar kanskje ville reagere på måten det vart gjort på. Informanten går også vidare i si vurdering av teikningar.

Ho tilføyer at ”men eg reagerte, ja, som eg ville reagert om det var Jesus”. Når ho legg til at ho ville reagert som om det var Jesus er det grunna i at Jesus har status som profet i Islam. Muslimar trur på Jesus som ein profet på lik linje Muhammed, men Muhammed var det siste og endelege sendebodet frå Gud, og difor er Jesus underordna Muhammed i Islam. At informanten tek med Jesus kan også vera ei opning mot at det kanskje finst fleire enn muslimane som vert krenka ved å sjå offentleggjingar av profetar eller heilage personar. Også dei andre profetane i Bibelen er profetar i Islam. Koranen viser til dømes tilbake til Abraham som ikkje var ein profet, men som er rekna for stamfaren til det Israelske folk. Muslimar ser også på Abraham som sin stamfar. Det gjer dei med bakgrunn i Ismael som også var Abrahams barn. Det er vanskeleg å sei at denne informanten heilt klart meiner at teikningane er blasfemiske, det er også vanskeleg å utelukke det. Informanten viser til dels sterke reaksjonar ved at ho reagerte veldig på publiseringa, men det er råd å lese mellom linjene at denne informanten kanskje hadde uttrykt seg sterkare i et meir lukka miljø, enn når det her er informasjon som vert brukt i ei masteroppgåve i teologi.

”Eg blir litt lei meg, men eg skal ikkje gjere noko. Alle menneskjer har sin eigen tanke og eg skal sei at det er ikkje lov å gjere sånn. Det er lov å spørje kvifor har du gjort det? (2)”. Å verta lei seg er ei kjensle som vi må tolke personleg. Informanten vert lei seg når teikningar vert publisert. Det er igjen ein reaksjon på at å sjå ei slik publisering ikkje er velkommen. Det er også verdt å merkje seg at ho ikkje er djupt såra, men litt lei seg. Ho underbyggjer også at ho ikkje skal gjera noko med det. Det vil sei at ho ikkje har delteke eller vil ytre seg på annan måte i forhold til publiseringane. Ut frå muslimsk tradisjon har ho ikkje hatt høve til det heller. Likevel bur informanten i eit norsk samfunn der reaksjonane sannsynlegvis ikkje ville vorte svært harde på at ei muslimsk kvinne ville ytre seg. Om informanten budde i til dømes Irak eller Pakistan, ville kanskje reaksjonane vorte sterkare, sidan tradisjonen er at kvinner ikkje har hatt rettsstatus.

Informanten peikar vidare på at alle menneskjer, har eigen tanke og at ho ville sagt til dei som publiserte at dei ikkje har lov til å gjera det. Når ho seier det ikkje er lov, peikar informanten tilbake til biletforbodet i Koranen. Det vil sei at ho hadde komme til å informere dei som

publiserte om at dei ikkje skulle gjera det. Ho peikar også på at det er lov å spørje folk kvifor dei har gjort noko som andre reagerer på. Det vil seie at informanten har god grunn til å seie i frå, men kan likevel velje å la vere. Det er her kanskje meir snakk om at vi alle er sjølvstendige individ som alltid vil måtte ta individuelle avgjerder og ha sameining med kvarandre. Det er mogeleg å lese ut av dette at blasfemiske ytringar med ulik styrke kan påverke følelsane og informanten i dette tilfellet er inne på at ho vart lei seg.

Informantane er spurt om kva dei personleg har reagert på og då vert svara også knytt opp mot personlege følelsar. Dette viser blant anna at informanten er oppteken av kven det var som byrja publiseringa av karikaturane. Det er ein personleg sterk følelse å leggje vekt på at det er viktig kven som byrja. Det er vanskeleg å sjå at det kan vera ei religiøs overtyding som ligg til grunn for dette utsagnet. Ho utdjupar vidare at ho kanskje har eit moderat forhold til praktiseringa av Islam, sidan ho stadfestar at ho er muslim på papiret, men at ho likevel reagerte på teikningane.

4.2.2 Er det blasfemi å teikna Gud?

2. Spørsmål: Er det blasfemi å teikna teikningar av Gud?

Informantane er samde i synet på at der er feil i forhold til deira religion å laga teikningar av Gud. Det vil sei at dei her alle ville kunne komme til å reagere på ytringar med eit slikt innhald.

Den eine av informantane seier dette er feil ut frå Koranen. Ho vurderer dette på følgjande måte: ”Det står i Koranen, at ingen får lov til å sjå Gud (5)”. Mange muslimar vil hevde at det ikkje er nokon som har sett Gud, men at profeten Muhammed har sett Gud. Muhammed formidla tilbake til menneska at han hadde sett han, men det var så sterkt at ingen andre ville tåle å sjå han. Det kan difor vera umogeleg å vedkjenne at du er muslim i tillegg til å sei at å sjå Gud eller bilete av Gud er riktig. Utsegna til denne informanten er at det står i Koranen at ingen får lov til å sjå Gud. Det er ikkje å sei at ho meiner at å sjå Gud er feil. Det er ei menneskeleg viljestyrt handling som ligg bak at det står på denne måten. Muhammed har lagt til grunn at det berre er han som skulle få sjå Gud før han kom til Himmelen. Når informanten legg til grunn at det ikkje er lov å sjå Gud, kan vi ut frå Koranen tolke det slik at ho meiner det er blasfemi å sjå Gud. På ei anna side er det ikkje sikkert Muhammed meinte at muslimar

ikkje skulle sjå Gud når ingen kan overprøve at det Muhammed meinte var riktig. Enkelte muslimar trur blindt på at det Muhammed sa ikkje kan kritiserast, det er kanskje difor alle negative ”frie ytringar” mot Islam eller Muhammed vert tolka blasfemisk. Det er difor vanskeleg å sei konsekvent at det er blasfemi å sjå Gud, men at det verkar sannsynleg sidan Muhammed i følgje Islam har fått overrekt Koranen frå Gud.

I og med at ingen har sett Gud er det i følgje informantane umogeleg å lage eit tenkt bilete av Gud. Den eine informanten viser til at dei som teiknar vert nøydd til å bruka fri fantasi. Ho sa følgjande:

Dei kan fantasera så mykje dei vil. Dei kan teikna så masse dei vil. Viss dei ikkje veit betre så teikne dei. Men dei som veit, veit at Gud ikkje er noko menneske som kan teiknast. Ein kan ikkje teikna ein teikning og sei at dette er ein teikning av Gud (6).

Fantasien må brukast når ein skal teikne Gud sidan ingen har sett han. I følgje Muhammed kan vi sei at det er slik. Informanten reagerer på at teikningar vert teikna, fordi det i byrjinga ikkje var lov til å gjere forsøk på å teikne Gud i det heile tatt. Igjen vert det referert til at dei som veit ikkje teiknar, men dei som veit betre teiknar ikkje. Dette var også framme hos ein av informantane når det gjaldt teikning av Muhammed. Det viser at desse to ikkje ligg langt frå kvarandre i forhold til om det er lovleg å publisere. Forskjellen er at Muhammed er mogeleg å dokumentere, mens Gud ikkje har openberra seg på jorda på same måte som han valte ut sitt sendebod i følgje Islam. Difor vel informanten å bruke det at ingen har sett Gud til å sei at ingen skal teikne Gud. Det vert umogeleg for informanten å sei at å teikne Gud er lov. Særskilt når ho seier: ”Ein kan ikkje teikna og sei at det er Gud”. Å teikna og sei at det er Gud vil sannsynlegvis vera blasfemi for denne informanten. Ei anna og kanskje betre tolking kunne vore å gå inn på det ho seier at ”Gud ikkje er noko menneske som kan teiknast”. Her ligg noko av spenninga i det som kan vera faren ved å dyrke Muhammed for sterkt.

På spørsmål om det å lage teikningar av Gud er blasfemi i forhold til Islam svarte ein av informantane følgjande:

Det står i Koranen at ingen har sett Gud og ingen kan tåle å sjå Gud. I følgje det er det kanskje blasfemi...I følgje Islam er det slik ,ja. Det er det...Ja, du spør meg om Islam så er det blasfemi. Ja, heilt skikkeleg (5).

Å teikne vert sett på som blasfemi av denne informanten. Det er også denne informanten som tydelegast konkretiserer at det er blasfemi. Om vi skulle sjå litt tilbake på det som er sagt i førre avsnitt, bekreftar denne informanten sine utsegn i stor grad spørsmålet i dette avsnittet. Det vil sei at denne informanten grunnar sitt svar på at å teikne Gud er blasfemi.

Informanten bekreftar i denne ytringa at å teikne Gud er blasfemi heile fire gonger. At ein ut frå å sei at ingen kan tåle å sjå Gud, konkluderer med at det er blasfemi å teikna Gud er kanskje meir oppsiktsvekkjande. At ingen kan tåle å sjå Gud bekreftar ikkje at det er blasfemi å teikne Gud, med det i tankane at skal du teikne så må du bruke fantasien. Ingen av informantane har grunngeve at fantasi er blasfemisk, men feil bruk av fantasien kan om mogeleg vera blasfemisk. Motivet for å bruka fantasien verkar i seg sjølv ufarleg, men det kan kanskje tenkjast å kunne provosere fram blasfemiske følelsar hoss dei som ser teikningar av Gud eller etterlikningar av Gud. Når informanten i sin sluttreplikk på denne ytringa seier at å teikne er heilt skikkeleg blasfemi, vert det eit spørsmål om det er noko som ikkje er skikkeleg blasfemi, eller om det bare er ei uklar formulering frå informanten?

Intervjusituasjonen peika i retninga det siste, fordi når dei første innleiande rundane er unnagjort er det enklare å sleppe seg laus og seie akkurat det som ligg ein på hjarte. Det er likevel rom for å tenkje at informanten faktisk meiner akkurat det ho seier, og om det då kunne vorte eit klarare bilete av hennar resonnement ved å analysere det slik.

Informantane svarte følgjande på om dei personleg ville verta støytt av om nokon teikna teikningar av Gud.

Eg trur vi må akseptere det, det er Gud som skal styre alt. Eg kan sei at eg ikkje skal krangle med deg og bli sint, men eg blir sint i hjarta mitt, men eg skal ikkje komma å gjere nokon ting mot deg. Det er Gud som skal dømme oss, ikkje menneska, bare Gud(2).

Å verta personleg støtt kan gje utgangspunkt for mange ulike reaksjonar. Det er også glidande overgongar mellom det å verta personleg støtt og krenka i forhold til det vi trur på. Vert ein krenka i forhold til det ein trur på kallast det for blasfemi. Å erkjenne at noko er blasfemisk er første steg i retning av å kunne reagere på det. Spenninga ligg mellom å reagere personleg, men ikkje ta det ut i sinne, og meir aktivt ved at du faktisk vert sint, såra skuffa, krenka, støtt og handlar ut frå det. Handlingane kan vera å skrive lesarinnlegg i avisa, gå i demonstrasjonstog, ta del i debattar i offentlege samanhengar eller å ty til valdelege

handlingar. Det vil seie at enkelte er villege til å vera sivilt ulydige for å få gjennom sine meiningar i enkelte saker, til dømes slik nokre personar gjorde gjennom karikaturstriden. Informanten her er oppteken av at ho vert såra og sint. Ho ynskjer å sei i frå kva ho meiner, ikkje at ho skal gjera vedkommande som har gjort det ho oppfattar som blasfemiske ytringar noko vondt. Ho peikar på at det er Gud som skal dømme, ikkje menneskja. Ho er då inne på kva som skal skje på dommens dag når muslimane skal komma til Himmelen. På den dagen skal Gud dømme dei som har gjort gode og andre gjerningar og er verdig å komma til Himmelen. Ho viser då uvilje mot å reagere sterkt, men er tydeleg på at ho både reagerer på publiseringar av Gud, men også at det er vanskeleg ikkje verta sint på dei som vel å publisere teikningar av til dømes Gud. Det er med andre ord forskjell på å publisere noko av Muhammed, som var eit menneske enn om nokon hadde

”Om du hadde teikna Gud så hadde ikkje det gjort meg noko (6)”. Sjølv om det å verta konfrontert med ein teikning av Muhammed er å rekne for eit blasfemisk uttrykk, stiller det å teikna Gud i ein annan kategori for denne informanten. Det ligg kanskje meir bakom eit slikt utsegn enn at det ikkje gjer meg noko. Ho vart ikkje spurt om det ville gjera muslimar noko generelt. Det ville kanskje vore eit betre spørsmål, men det er interessant at ho hevdar at dette ikkje ville gjort henne noko. Ho legg ikkje vekt på om det er feil eller rett å teikne Gud, ”så hadde det ikkje gjort meg noko”. Dette kan vise lite interesse for spørsmålet, men det kan også vise skepsis for å gå inn i eit tema som er vanskeleg, både fordi i følgje muslimar har ingen sett Gud, men kan hende også det er vanskeleg for henne som muslimsk kvinne å vera for direkte i sine uttalingar. Informanten refererer til at om ”du”, altså om intervjuaren, hadde teikna teikningar, ville ikkje det gjort informanten noko. Informanten veit kva den religiøse bakgrunnen til informanten er. Den teologiske bakgrunnen til intervjuaren kan kanskje vera formildande i den samanhengen. Med kristen teologi i bagasjen kan det difor hende informanten ville sett annleis på om det vart gjort forsøk på denne type teikningar.

Vidare i intervjuet kjem informanten inn på at om det var ein muslim som gjorde det så hadde det skapt sterkare reaksjonar. At ein protestantisk teolog hadde gjort det, vil kanskje ikkje gjere noko, med tanke på at muslimar ser på kristne som vantru. Eg nemde tidlegare at om vantrue gjer noko som vil krenka Islam, så svarte informanten at det måtte vera meir av dårleg kunnskap enn at det var gjort med vilje eller i rein provokasjon. Dette er likevel litt i konflikt med at det er truleg at reaksjonane på karikaturstriden kom som ein reaksjon på at det var ei

kristen avis som trykte det. Det vil sei at ho har andre former for grenser på ytringsfridom enn til dømes om det var ei sekulær avis som trykte karikaturane.

”For meg sjølv vert det ikkje feil. Du meiner med bilete om eg kan sjå Gud til dømes? Det er ikkje feil (5)”. Denne uttalinga viser samanfallande svar frå dei tre informantane på området som gjeld å teikne teikningar av Gud. Dei er alle samde om at det er akseptabelt å gjera det, men det er likevel ikkje det same kven det er som gjer det. Det er ein slags trend i svara frå dei tre informantane på den måten at dei vektlegg forskjellige ting. Dette siste utsagnet er det mest konkrete når det gjeld å akseptere ei teikning av Gud. Det er mogeleg å tolke informantens så langt at det å sjå Gud ikkje vil vera noko problem, når ho seier ”om eg kan sjå Gud til dømes? Det er ikkje feil” .

To av informantane viser åpenheit for teikningar av Gud, det kan bety at dei ikkje føler seg støtt eller krenka av å sjå. Ein av informantane ser teikningar som noko som vil påverka henne negativt emosjonelt. Dette kan ha noko å gjera med den kontekstuelle situasjonen ho er i. Etter ein del år i Noreg er det spesielt om ikkje norske medier og eit norsk samfunn har påverka haldninga til blasfemiske uttrykksformer. Eit døme på det er det er ”KLM-Vorspiel” som vart sendt på NRK på laurdagskveldane for over ti år sia. Etter den nokså sterke debatten rundt filmen ”Life of Bryan” som verserte i Noreg i 1980, gjorde ikkje mange av dei blasfemiske uttrykka i denne programserien svært sterke inntrykk. Det var nokre tilløp til reaksjonar frå konservative kristne kretsar, men dette la seg fort og programserien fortsette. Denne informantens kom til Noreg om lag på same tid som programma vart sendt .

Nordmenns haldning til blasfemiparagrafen kan vera ei utfordring, som viser ei prioritering av ytringsfridomen. Då er det kanskje ikkje rart om muslimar vel å uttrykkje seg med visse atterhald, sidan å bruke ytringsfridom som argument vil kunne verta oppfatta blasfemisk i muslimske land og i verste fall kan ende med dødsstraff.

Alle tre informantane uttrykkjer at ein bør akseptere at andre teiknar Gud. Den eine gjev uttrykk for at ho vert såra. Det betyr likevel ikkje at ho meiner det ikkje skal trykkjast sidan vi i Noreg har ytringsfridom som § 100 i grunnlova. Ein kan likevel ikkje utelukke at det kan vera forklaringar knytt til hennar religiøse og eller personlege følelsar.

4.2.3 Er det blasfemi å brenna Koranen?

3. Spørsmål: Er det blasfemi å brenna Koranen?

Som innleiing til spørsmål om det er blasfemisk å brenne Koranen viste eg til Otto Jespersen. Han sette fyr på Bibelen og bilete av dette vart trykt på framsida av Verdens Gang (VG) (Rovik, 2006). Informantane vart spurt om korleis dei hadde reagert, viss nokon sette fyr på Koranen i nærleiken av dei. Eit eksemplar av Koranen med norsk oversetjing vart lagt på bordet før spørsmålet vart stilt.

Her følgjer noko av det dei sa:

Ja, det er utan tvil blasfemi...For dei som brenn og for Islam er det blasfemi...Fordi det er Guds ord. Det er Gud som har sagt alt som står inni her (peikar på Koranen som ligg på bordet). Så viss ein gjer det er det blasfemi (5).

Informanten svarte rask på dette. Ho viser til at det er Guds ord som vert krenka og at det i forhold til Islam er blasfemi. Ho seier vidare at alt som Gud sa står inni her, Koranen inneheld alle Guds ord til muslimar eller til Muhammed som tok i mot dei i følge Islam. Å krenka alle Guds ord vert då blasfemi. Informanten viser tydeleg at ho reagerer, og kjem også på slutten av utsegna tilbake til at å brenna Guds ord er blasfemi.

Det er ikkje bra. Iallfall ikkje offentleg. Viss du har veldig lyst til å gjera det, så må du helst gjera det for deg sjølv så ingen andre ser det, men helst så skal du ikkje. Viss du ikkje har respekt for den boka, så må du ikkje ha den ein gong (6).

Det er ikkje bra å gjera det offentleg. Å gjera kva? Å brenna Koranen er ikkje bra å gjera offentleg. Det er ikkje sikkert det er blasfemi, men det er ikkje bra å gjera det offentleg. Kva er det som eventuelt skulle gjera det betre om det ikkje vart gjort offentleg? Å brenna Koranen peikar mot det motsette, meiner denne informanten. Ho seier også at du må helst gjera det for deg sjølv viss du skal gjera det. I tillegg får vi opplyst at helst så skal du likevel ikkje gjera det. Informanten peikar her på det å ha respekt for den boka. Har ein respekt for den boka, Koranen, så gjer ein ikkje slikt. Informanten underbyggjer dette med å leggje til at har du ikkje respekt, så må du ikkje eige ei slik bok. Dette vert nærast kasta ut i lufta som eit spørsmål. Her kjem nokre av reaksjonane hos informantane:

Eg skal sei at du ikkje må gjere det fordi det er feil, det kjem frå Gud og viss han ikkje høyrer på meg er det likevel Gud som skal døme. Fordi Gud bestemmer over alle menneska vil eg sei dei riktige tinga til han (2).

Gud skal døma. Det er ein bodskap vi kan lesa ut frå denne utsegna. Kven er det Gud skal døma? Gud vil døma alle menneskjer, men nokon vil ikkje komma forbi Guds vreide eller dom. Det vert sterkt å halde seg til at du ikkje kan brenne ei bok, fordi om du gjer det er det ikkje sikkert du kjem til Paradis. Her innskrenkar informanten sjølv retten til ytring. Ei anna tolking er at ho ynskjer varsemnd for at ikkje Gud og menneskjer skal verta støytt.

Muslimar har mange levereglar som til dømes at dei har fem søyler, eller fem påbod dei må følgje for å vera ein rett og god muslim. Det er også tydeleg at det er viktig å gje sin neste gode råd. Informanten har til hensikt å vera tydeleg og sei til dei som eventuelt brenn Koranen at dette er "feil". Det blasfemiske kriterium vert her vist gjennom å reagere på at å brenna Koranen er "feil". Det er "feil" fordi det strir på mot Guds ord eller Koranen kan i følgje informanten vera rett. Frykt for eller ei oppfatning av at å brenna Koranen kan halde personar borte frå å komma til Paradis er nok bakanforliggjande for informanten sitt ynskje om å sei i frå om at handlinga er "feil". Dette kan virke som eit ynskje om å få vedkommande som eventuelt skulle brenna Koranen inn på betre tankar. Så det er ikkje berre det reint blasfemiske, det kan også vera eit reelt ynske om å berge ein person på rett veg mot Paradis. Det kan kanskje også bety at å gjere noko blasfemisk kan halde ein muslim borte frå å komme til Paradis.

Informantane har også nokre personlege utsegn om kva følelsar brenning av Koranen ville framkalle hoss dei:

Eg vert bli lei meg, men eg skal ikkje gjere nokon ting, eg skal sei at dåke må ikkje gjere det. Du trur på Bibelen, eg trur akkurat det same, viss han ikkje respekterer Koranen og brenn den. Eg vert sint, men eg skal ikkje gjere vedkommande noko (2).

Den eine informanten er oppteken av at det vil sára hennar følelsar at nokon vel å brenne Koranen. Ho utfordrar også intervjuaren ved å sei at "Du trur på Bibelen, eg trur akkurat det same, viss han ikkje respekterer Koranen og brenn". Informanten tek det sjølvstakt at fordi intervjuaren trur på Bibelen vil han ha same følelsar som henne vedkommande brenning av den. Informanten har ei forståing med seg der ho begrunnar dette ut frå ei forståing om at dei som trur på Bibelen, også ville reagere på same måte. Det vil også sei at informanten går ut

frå at kristne også vert sinte, men at dei ikkje vil gripe inn eller gjere noko ovanfor dei som brenn ei heilag bok, om det skulle vera Bibelen det skulle vera tale om. Informanten vedkjenner seg såra følelsar ovanfor det at Koranen vert brent, og at det kan vise ei blasfemisk haldning, men at ho også vurderer dette opp mot ein annan religion, kristendommen.

”Ja, eg synest det er feil å gjera det og det vert blasfemi, ja (5)”. Det vert blasfemi å brenna Koranen er denne informanten sitt unisone svar på spørsmålet. Likskapen til alle tre er at dei ikkje tenkjer seg om før dei svarar på spørsmålet. Sitatet viser at informanten synest det er feil. Ho kan vurdere dette ut frå Koranen om kva som kan komme inn under blasfemi. Blasfemi, ”å krenke Gud eller dei truande” er ein definisjon på blasfemi som blant anna kan passe på denne utsegna. Denne informanten føler seg krenka og å brenna Koranen vert difor både å krenka informanten og guddommen. Guddommen er i dette tilfellet Gud. Vi kan til dømes tenkje oss at det også er mogeleg å tenkje at vi har meir enn to religionar i denne verda. At denne informanten er såpass tydeleg kan vitne om ei sterk tilknytning til det skrivne ord i Koranen. Generelt er informantane også samde om at det å setje fyr på koranen er noko som ville skape reaksjonar i muslimske miljø.

Dei vert uttalt: ”Så må du brenna den utanfor offentlegheit for då setter du mange hjerner i kok altså...Ja, dei må ikkje gjera det. Då vert det masse demonstrasjonar (6)”. At informanten er bekymra for konsekvensane av å publisera brenning av Koranen viser at ho uttrykkjer bekymring for at det kan setje hjerner i kok, og at det vert masse demonstrasjonar. Ikkje om det kanskje vert demonstrasjonar, men at det faktisk vert det. Om nokon skulle brenna Koranen ville det overraske denne informanten om reaksjonane ikkje kom.

”Eg trur muslimane ville bli veldig sinte, særleg dei sterke muslimane (2)”. Kven er dei sterke muslimane og kvifor er det viktig at dei er sterke? Det kan vera informanten her referer til fundamentale muslimar med reaksjonær oppførsle. Når ho seier at ho trur dei vert veldig sinte, så er det kanskje ikkje å ta så hardt i. Om ho refererer til fundamentale muslimar når ho seier det, vil det kanskje bety at dei kan komme til å stå bak demonstrasjonar.

Det er mogeleg informanten ser dette i lys av karikaturstriden. Det er også mogeleg ho ser dette i lys av sin tradisjon kultur og erfaring. Det er eit spørsmål om muslimar som demonstrerer og øydelegg ting vert oppfatta som sterke av andre muslimar, eller om det er sterke leiarar som er dei sterke. I heimlandet til denne informanten var det ein kjent diktator

som sat ved makta. At Saddam Hussein sjølv brente mange Koranar er ein påstand frå denne informanten. Det er likevel utfordrande for denne muslimen å akseptera det ho seier han gjorde. Symbolverdien er sterkast når det er personar med stor makt som går i spissen for å gjera blasfemiske handlingar mot Koranen. At ein person utan makt gjer slikt vil nærast ikkje vera av interesse, sidan sanksjonane kan vera så sterke. Ei anna og kanskje betre tolking kan vera at ho meiner sterkt truande muslimar, som ikkje tyr til valdelege handlingar ovanfor blasfemiske ytringar, men ynskjer respekt for deira tru.

Bruk av Bibelen til å rulle sigarettar er eit fenomen som har føregått i norske fengsel. Vi skal ikkje sjå vekk i frå at også innsette i andre nasjonars fengsel kan ha gjort dette. Informantane vart spurt om korleis dei ville reagere viss ein muslimsk innsett hadde gjort det same med Koranen. Her kjem to av svara frå informantane:

Viss nokon hadde gjort det? Eg veit at ingen muslimar hadde gjort det. Men viss nokon ville eg sei, han er ikkje muslim. Han har gjort det ut frå eller...Det er Guds ord. Han gjer ikkje sånn med Guds ord (6).

For denne informanten er det utenkjeleg at ein muslim ville røykt papir frå Koranen. Ho går så langt som å sei at då er ikkje han muslim. Ho er særskild kritisk til om han kunne ha gjort det i det heile, men det er umogeleg å kalla seg for muslim og røyke ark frå Koranen. Det vil sei at sjølve papiret her får ein status som kan minne om ein heilag status. Det vert bastant slege fast at ein ikkje gjer slikt med Guds ord.

4.3 Oppsummering

4.3.1 Oppsummering av om det er det blasfemi å teikne Muhammed

Å teikna Muhammed eller publisere karikaturar har i enkelte områder vekt sterke reaksjonar. Dei tre kvinneleg informantane har reagert ulikt på om det er blasfemi å teikne Muhammed. Reaksjonane har sprikt frå å vurdere om det er grunnlag for å drepe nokon for å ha publisert karikaturar til å ha lyst til å sjå teikningar av Muhammed. Dei er i overvekt einige om at å publisere karikaturar kan vera provoserande. Om ein ikkje synest det er blasfemi å teikne eller publisere karikaturar uansett kan la vere å gjera det fordi andre personar kan komme til å reagere.

Å ytre seg ved å publisere eller teikne Muhammed vert også skildra som mangel på kunnskap kjem det fram frå ein informant. Ein kan vera meir overberande mot personar som har lite kunnskap enn mot personar som gjer ting med overlegg. Dette viser informantene si vurdering av å kunne "heve seg over" at nokre vel å publisere karikaturar og at ho kan vurdere det som mangel på kunnskap om hennar religion.

Ut frå islam sitt biletforbod er det også nyansar. Enkelte muslimar ynskjer ikkje å sjå teikningar av Muhammed medan andre ikkje er så opptekne av akkurat det. Med det omsynet er det ope for ulike innfallsvinklar frå informantane. Det ser ein også ut frå deira differensierte svar på spørsmålet om det å teikne Muhammed er blasfemi.

4.3.2 Oppsummering av om det er blasfemi å teikne Gud

Informantane er einige i at å sjå Gud strir mot det som står i Koranen. Det vil sei at i følgje islam er det ingen som har sett Gud. Profeten Muhammed har i følgje den eine informanten sett Gud, men at ingen andre vil tåle å sjå han. Det var nok det som profeten fekk frå Gud for at menneska skal kunne leve i eit rett forhold til Han.

Kvinnene legg fram eit nokså samla syn der det ser ut til at å teikne i seg sjølv ikkje er det som vil provosere mest for dei sjølve, men at det er i mot islam og det som står i Koranen. Som den eine informanten sier "ingen får lov til å sjå Gud".

Ein informant ser det nærast litt komisk, ho ser ikkje poenget i å teikne noko ingen andre enn Muhammed har sett. Det er på ei anna side ikkje lov å kritisera Gud, ein teikning kan oppfattast som kritikk og vil difor kunne definerast som blasfemi.

Ein informant er oppteken av at ho vil komma til å verta såra av å sjå teikningar av Gud. Ho vil ikkje gå til angrep, men ville hatt eit ynskje om å sjå sei i frå til vedkommande kva som ville vore ei riktig handling. Det moralske spelar inn, til liks med dei to andre informantane. Kva er lov å gjera og kva gagnar det å ytra seg på ein slik måte.

4.3.3 Oppsummering av om det er blasfemi å brenne Koranen

På spørsmål om det å brenne Koranen vil oppfattast blasfemisk innan islam svarte alle bekreftande. Å setje fyr på ting for å markere ”avstand”, ”avsky”, ”motstand” eller ”ambivalens” er ei sterk symbolsk handling. Sjølv handlinga i seg sjølv er kanskje ikkje så imponerende. Det er kanskje ikkje vanskeleg å ta ei fyrstikk å tenne på papir i ei bok , men det er meininga som ligg bak å setje fyr på boka som kan gje grunn til ettertanke. Å setje fyr på muslimane si heilage bok, Koranen er å utfordre religiøse følelsar hos muslimar. Slike religiøse følelsar vil dei i visse tilfeller kalle blasfemi. Sidan Islamsk rett vil kunne straffa blasfemi med døden er det difor eit spørsmål som kan utløyse ulike reaksjonar.

Dei ”sterke” muslimane ville reagert kraftig om Koranen vart brent offentleg. Då ville det vorte masse demonstrasjonar, fortel informantane. Om du har tenkt å setje fyr på Koranen er det viktig at du ikkje gjer det offentleg. Å gjera ei slik handling offentleg vil komme til å skape sterke reaksjonar. Å brenne Guds ord, som Koranen er for muslimar, vert av informantane karakterisert som blasfemi. Å brenna Koranen vert på ein måte å brenne Gud.

Det vert derimot noko anna om ein innsett i eit fengsel skulle rulle seg eit sigarettpapir av ark frå Koranen i mangel på rullepapir. Ein informant seier at det vil ikkje ein muslim gjera. Om ein muslim likevel gjorde ei slik handling, ville ho ikkje karakterisere han som muslim lenger. Ein gjer ikkje slikt med Guds ord.

Å respektera andre vert ein nøkkel for korleis ein handlar ovanfor ytringar av ulike grad, også når det gjeld å brenne Koranen.

5.0 ANALYSE AV INTERVJU MED DEI KRISTNE INFORMANTANE

5.1 Presentasjon av spørsmåla i analysen

For å analysere intervju med dei kristne informantane stilte eg tre hovudspørsmål i forhold til om noko er blasfemi. Eg utarbeida spørsmåla i samanheng med dei tre situasjonane eg hadde presentert for dei. Dette var å døypa ei dokke, hive nattverden i ansiktet på Jesus og brenne Bibelen. Spørsmåla vart då som følgjer:

1. Er det blasfemi å døype ei dokke?
2. Er det blasfemi å hive nattverdsvinen i ansiktet på Jesus?
3. Er det blasfemi å brenne Bibelen?

5.1.1 Er det blasfemi å døype ei dokke?

1. Er det blasfemi å døype ei dokke?

Eg spurte informantane om dei kunne sjå for seg at dei var med i eit dåpsfølgje i ei vanleg høgmesse, der presten sa han skulle døypa ei dokka i staden for eit barn. Presten forklarte dette med at han syntes det var det same kven ein døyper, så lenge ein døyper dei til Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

Alle tre informantane var samde om at presten ikkje hadde ei akseptabel haldning til dåpen. Dei påpeikte at dette ville vore annleis viss det vart gjort som illustrasjon, til dømes for å lære barn om dåpen. Her er nokre av deira reaksjonar:

Det høyrst heilt tullete ut! Kvifor i alle dagar skulle han gjera det. Det er jo eitt av dei få sakramentene du har i statskyrkja i Noreg, dåpen. Du komme der og bere fram eit barn (følelseslada). Så velle han å ta ei dokke, eit substitutt, det er jo heilt(1).

”Tullete” vert her brukt om presten si handling i denne dåpen. Dåpen vert rokka ved. Det verkar tydeleg at berre å sjå for seg at noko slikt kunne skje er svært vanskeleg. I denne framstillinga tullar ikkje presten, han meiner alvor. Alvoret er det som pregar informanten også, dette er til dels svært utfordrande og rokkar ved eit av sakramenta i kyrkja.

Når ein prest utfordrar ei slik handling som dåpen er for protestantiske kristne, kunne ein kanskje sagt at det sjølvsagt var å gå over ei grense. Å utfordre treeininga er kan hende alvorleg, når ein veit at kristne har sitt forhold til ein transendent Gud. Om det er blasfemi å bruke dokka, kva presten seier, eller det at ein dåpsfamilie vert involvert i ein slik dåp kan kanskje vera vanskeleg å svare på. Det at ei dokka vert døypt i staden for barnet, er det som vert utfordra i denne handlinga. Informanten reagerte også på denne måten, utan å ha vore vitne til at noko slikt skjedde. Det kan vera eit teikn på at å vera vitne til noko slikt ville ha framkalla enno sterkare reaksjon. Det kan likevel sjå ut som at å bruke ei dokke i staden for å døype barnet i ein planlagt dåp, vekker til dels sterke reaksjonar. Det å ikkje få vera vitne til at presten skal døype barnet med å ause vatn tre gonger over babyen sitt hovud, vil i følge henne bryta med noko grunnleggjande i sjølve dåpen. Grunnleggjande på den måten at Den Norske Kyrkja stadfestar at det er frelse i dåpen og at dåpsbarnet får Den Heilage Ande i dåpen. Presten si ytring vert hardt kritisert, og ein blasfemiparagraf verkar nærliggjande å vise til.

Eg føle han gjer litt narr av heile dåpshandlinga med å ta fram ei dokka...Jamen, det er jo heilt på trynet. Fordi du har jo Ande, sjel og kropp, det er jo ikkje bare ei dokka den er jo ikkje levande på nokon måte, den har jo ingen sjel. Så kva den skulle verta døypt for, det er jo ingen mål og meining med det(4).

Dokka er ein gjenstand, eit substitutt, sa den eine informanten. Å bruka eit substitutt er kanskje ikkje det same som å døypa eit barn, men er det blasfemi å bruke dokka?

Informantane er einige om at dei ikkje syntes dokka kunne ta plassen til babyen i dåpen. Informantane reagerer likevel på ulike måtar i forhold til kva det er som vert mest utfordra i denne situasjonen. Den eine informanten ser på at sakramentet vert utfordra. Og legg til at vi ikkje har så mange sakrament. Det vil sei at informanten syntes dåpen er ein viktig del av det å tru eller gå i kyrkja. Vert dette utfordra med eit substitutt, er det kanskje grunn til å tenkje at det er blasfemi og at ytringa ville gå på akkord med retten til å ytre seg.

Ein annan informant går lenger i retning av at det er Den Heilage Ande, sjela og kroppen som vert utfordra, ved å ikkje verta sluppen inn i det som foreldra ville for barnet, ved å la det døype. Reaksjonen viser gjerne at om du ikkje får lov av presten å døype barnet vil det ikkje

få del i det Den Heilage Ande vil kunne gje. Ei slik handling tek då vekk grunnlaget for å døype, å gje trua til barnet, ta det inn i kyrkjelyden og gje det del i ei kristen oppseding.

”Det er jo heilt på trynet” står det i sitatet ovanfor. Kva er det som er heilt på trynet og kvifor er det slik? Informanten som reagerer på det opplever kanskje at det er ulike verdisett som møter ein annan og vert utfordra. Verdisett i denne samanheng vil vera om det er blasfemi eller ikkje å døype ei dokke. Det er presten som seier han skal døype ei dokke. Han på ein måte viser til at det er det same kven ein døyper, berre ein gjer det etter gjeldande liturgi. Informanten ser ikkje målet eller meininga med det. For som ho seier ”den er jo ikkje levande på nokon måte”. Det kan bety at ho fokuserer sterkt på at det levande dåpsbarnet vert frårøva dåpen og ikkje at det er presten som gjer sjølve handlinga. Om informanten oppfattar dette som blasfemi er også spanande, og viser også svara informantane kjem med vidare i analysen.

Å utfordre informantane på om ein dåp med ei dokke er blasfemi, har til hensikt å klargjere kor grensa går for blasfemi. Her kjem ein reaksjon: ”Kanskje, eg veit ikkje om eg meiner det i forhold til blasfemi. Eg syntes det var heilt absurd, kvifor i alle dagar skulle han gjera det? Eg kan ikkje sjå hensikta i det (1)”. Dåp er å la barnet få del i kyrkjelyden. I tillegg vert barnet velsigna ved Faderen og Sonen og Den Heilage Ande og tre gonger vert vatnet aust over barnet sitt hovud. Då har barnet fått Den heilage Ande og er vorte kristna som det kan sjå ut til ligg til grunn for informanten si uttaling.

Ho kjem inn på ordet blasfemi, men veit kanskje ikkje heilt korleis dette skal tolkast. Det vert truleg viktigare å vurdere kva blasfemi er, enn å sei noko sikkert om sjølve handlinga som presten ville gjere med dokka er av blasfemisk karakter. Eksempelet vart framstilt som at presten si hensikt i dette tilfellet var å vise at å døype dokka var fullgod dåp. Det som kan verka vanskeleg for informanten er om det berre verkar absurd, som ho seier, eller om det også ligg krenka religiøse følelsar bakom ei slik uttaling. Å sei at det ”kanskje er blasfemi” heller kanskje mot å sei at det er blasfemi. Det er ikkje eit heilt avklart standpunkt, men ei vurdering informanten gjer, som viser at ho er viljug til å vurdere det. Sjølv vurderinga kom spontant og viser ei uredd form for ytring. Det er ikkje alltid naudsynt å vite svaret før ein ytrar seg.

Ei anna yngre kvinne seier det slik: ”Det var ganske rart. Eg trur eg hadde reagert ganske mykje. Ja, eg ville jo tenkt at det ikkje var det same kven vi døypte. Det er jo eit menneske som skal bli døypt (3)”. Om presten verkeleg meinte at det var slik at han kunne døype ei dokke i staden for babyen, vil nok enkelte tenkje i retning av blasfemi. Det første og kanskje viktigaste bodet seier at ”du skal ikkje ha andre Gudar enn meg”. Å bruke ei dokke som erstatning eller substitutt som den eine informantent sa, kan då tolkast som eit forsøk på å handle mot Guds vilje. Sjølv om det ikkje automatisk er grunnlag for å sei at å bruke ei dokke er rein avgudsdyrking. Å handle mot Guds vilje kan her verta tolka som blasfemi, men det er mogeleg ei betre tolking ville vore å sjå på at å gjere det presten la opp til er å bryte med ein tradisjon.

Informanten som er utfordra på dette spørsmålet kan om mogeleg tenkjast å halde tilbake noko av den informasjon som ho set inne med. Det verka som eit litt moderat svar. Dette fordi at noko er rart, kan ein sei om ulike ting. Lik eins at ein reagerer ganske mykje. Det verkar som det ligg mest spenning for informantent i å ta inn kunstig materiale i ein samanheng, der det normalt sett ville vore uakseptabelt eller ukjent.

Informantane er utydelege i forhold til om dette er blasfemi. Dei brukar også andre ord som eg har vore inne på ”tullete”, ”heilt på trynet” og absurd”. Dei svarte meir konkret på om dei sjølv ville ta seg nær av denne type dåp.

Eksempel på korleis informantane seier dei trur dei ville ha reagert er følgjande: ”Det ville eg følt var støytande...då kunne eg nesten ha reist meg og gått ut. Då hadde eg følt det veldig støytande (1)”. Å føla noko personleg støytande er kanskje å rekne noko for blasfemisk, men også ei ærleg ytring om sin eigen ”blasfemifølelse”. Spør ein folk på ulikskapen mellom om noko er blasfemisk eller støytande får du kanskje liknande svar. Svara vil ha ulike verdsett å gå ut i frå, men når ein kristen informant svarar på korleis ho opplever det personleg, er det mogeleg å sjå det som verdiar som handlar om krenka religiøse følelsar eller blasfemi. Det er nok dei same verdiane som vert utfordra i eit provoserande framstøyt for informantent.

Dåpen er eit sakrament og utfordring av dåpen er å utfordre personlege følelsar hjå denne informantent. Om det er dei personlege følelsane, det å verta støytt eller om det er ei blasfemisk handling som får informantent til å utbryte at ”då kunne eg nesten reist meg og gått ut” er vanskeleg å definere nøyaktig. Det som er meir tilgjengleg er informantent sin klare

og tydelege reaksjon. Reaksjonen kjem som eit svar på at presten har gjort noko som er oppsiktsvekkjande, som skapar reaksjon, som også kan hende skapar avsky og sinne. Kven er det som reiser seg og går ut frå ei gudsteneste? Det er ei sterk handling å gjennomføre. Informanten seier ikkje at det kjem til å skje, men at det nesten kunne ha skjedd. Det vil sei at tanken er innom. Kva slags reaksjon som kunne gjort tanken svanger og omsett i handling, er spennande. Det er freistande å sei at det skal kraftig provokasjon til for å få denne informanten til å gå frå ei gudsteneste. På ei anna side er det kanskje også ein naturleg reaksjon. Naturleg slik at det er lov å verta sitjande i kyrkjebenken eller i det minste setje seg ned att i benken etter ein dåp. Ein dåp er kanskje ikkje berre ein dåp. Det kunne kanskje utvikla seg ei umoralsk handling frå informanten si side fordi ho gjekk i protest, sjølv om det var presten som hadde lagt føringane for at reaksjonen kom og vart sett ut i handling.

”Eg reagerer veldig på den der fordømmende måten (3)”. Å verta skulda for å vera fordømmende er ikkje alltid den beste måten å møte eit menneske på eller ein prest i så måte. Informanten opplever presten si handling fordømmende. Kva kan liggje bak informanten sin måte å reagere på, og har det noko med blasfemiske ytringar å gjera? Er det fordømmende å ta ei dokke med seg i dåpen eller er det sjølve handlinga som er fordømmende? Når informanten ser på det som fordømmende kan det vera på grunn av at presten faktisk rokkar ved ordningane, Den Norske Kyrkja, sine vedkjenningskrifter og kanskje Den Heilage Ande. Den problemstillinga vi står ovanfor har kanskje eit skjær av teologisk tyngde i seg. Tyngda ligg i at Jesus ikkje ville fordømme nokon. Det er sterkt å ytre seg om at presten er fordømmende. Det er også ei uvanleg handling av ein prest å ikkje ville døype i ein planlagt dåp.

Når ein person som er vitne til ei slik handling i forhold til dåp, meiner det er fordømmende å gjere det presten i dette tilfellet gjorde, er det truleg at også andre ville kunne oppleve situasjonen på liknande måtar utan å kvantifisere for mykje. Informanten brukar ikkje ord som støtt eller krenka, men fordømming skulle kanskje dekke for dei begge. Det er likevel eit moment at informanten ikkje brukar desse orda og difor kan tenkjast å beskrive dette objektivt. Moralsk sett er kanskje ein slik dåp ei tvilsam handling og dilemmaet ligg moglegevis i om den kan definerast som blasfemisk eller ikkje. Ei anna tolking som kunne vore betre er kva som skjer i dåpen og kva ein tek vekk ved å fokusera på det presten gjer.

”Eg hadde nok vorte provosert ja. Viss eg hadde vært der, ja no var eg i dåpsfølgjet, ja, så eg hadde blitt provosert (4)”. Den yngre kvinna tenkjer seg sjølv i dåpsfølgjet. Svaret vart ikkje at dette var blasfemi. Provokasjonen er tydeleg, ho vert provosert. Ho vert provosert av presten si handling, at han føreslår å gjere noko anna enn det ”vanlege”, å døype barnet.

Ho legg ikkje vekt på kva dilemma presten eventuelt står oppe i, eller kva slag moral det er presten ynskjer å framheve. På Jesus tid var det blasfemi å seie at du var Guds son, slik Jesus gjorde. Farisearane meinte det var blasfemi å lækja på sabbaten. Informanten legg ikkje til grunn at det vil vera blasfemi å døype ei dokke, sjølv om det ser ut til å stri klart med dåpen sin bodskap.

5.1.2 Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus?

2. Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus?

Informantane vart spurt om å sjå for seg då Jesus stifta nattverden. Det som var annleis enn det er beskrive i Bibelen, var at Judas og Peter vart provosert av Jesus sine ord der han seier han skal reise i frå dei. Dette er ei omskriving av bibelhistorien (retrospektivt). Her er vi til dømes inne på same område som Dan Brown skriv om i si bok ”Da Vinci-koden”, der han har skapt debatt rundt det påstanden om at Jesus hadde eit kjærleiksforhold til Maria Magdalena. I denne retrospektive historia reagerer Judas og Peter med å tømme sine nattverdsbeger i ansiktet på Jesus. Informantane vart også spurt om kva dei ville synast om eit eventuelt maleri med eit slikt motiv:

”Det hadde dei jo ikkje gjort. Nei, dei hadde for mykje respekt for han trur eg, sjølv Judas (1)”. Å gjera ei slik handling mot Jesus i den situasjonen Han var i, ville kanskje vore eit sterkt tillitsbrot i forhold til læresveinane han hadde rundt seg. Korleis dagens menneske vil oppfatte det, er noko anna. Ein ca. 2000 år gamal tradisjon som nattverden er, har sterk grobotn i den kristne trua. Som døme kan ein kanskje sei at det kan verta vanskeleg å vera kristen og samstundes ha eit ambivalent forhold til nattverden.

Informanten meiner bestemt at denne situasjonen ikkje ville skjedd. ”Det hadde dei jo ikkje gjort”, er eit sterkt signal om at ho ikkje ser for seg at dette kunne ha skjedd. ”Respekt” vert drege fram som eit viktig moment mot at det ikkje kunne ha skjedd, slik ho vart førespeila.

Om ”respekt” her gjenspeglar å bryte noko Jesus har stifta beskriv ho ikkje, men det kan tolkast som eit moment for at ei slik handling vil tolkast blasfemisk.

Informanten går litt vidare i sitt svar og viser til Judas. Judas hadde ein utsett posisjon den kvelden. Han visste at han skulle gå og svikte Jesus. Han hadde selt Jesus for ein pose med sølvpenngar og venta eigentleg berre på at tida skulle komma for å gjennomføra planen. Når informanten går inn på at ikkje Judas heller kunne greidd å hive nattverdsvinen i ansiktet på Jesus er det ei utsegn som viser at ho kan meine det er forskjell i Judas og Peter sine karakterar, som menneskjer. Kva er det som eventuelt ville vore avgjerande for om Judas kunne gjera det? Kva ville vore heilt utelukka? Det kunne ført til mistanke mot han på ein eller annan måte om han reagerte slik. Men dette handla for informanten om respekt for mannen som stifta nattverden, som for kristne er Guds son. Informanten brukar her si frie ytring til å vise at det var nærast sjølv sagt at læresveinane viste Jesus respekt, også Peter og Judas. Det ville her vore rom for ei anna tolking enn den som er gjort. Det kan vera ikkje om Peter og Judas gjorde historia annleis enn ho står i Bibelen, men kvifor dei eventuelt gjorde.

Å ta til motmæle mot ein meister, eller herre, gjer ein om ein har sær gode motiv. Jesus hadde opparbeidd seg ein sterk posisjon mellom læresveinane, han var deira ”Herre”. Dette viser eit Peter si utsegn første gongen Jesus fortalte om at han skulle døyg og stå opp igjen: ”Gud hjelpe deg, Herre! Dette må aldri henda deg” (Mt.16.22). For Peter sin del vart dette motteke av Jesus, som sa vidare: ”Vik bak meg, Satan! Du vil føra meg til fall, du har ikkje sans for det som Gud vil, berre for det som menneskje vil” (Mt.16.23). Dette slo ikkje heilt heldig ut for Peter som tidlegare hadde fått proklamert: ”Du er Peter; På denne klippa vil eg byggje mi kyrkje” (Mt.16.18). Judas var den som hadde hand om ”pengepungen” som det står i (Joh.13.29), og dei forstod difor ikkje kva som skjedde då Jesus peika han ut til å svikta han: ”Det er han som eg gjev den beten eg no duppar” (Joh.13.26). Det står mellom anna at Judas var den som ”sveik” Jesus: ”Då spurde Judas, han som sveik han: «Det er vel ikkje eg, rabbi?» «Du har sjølv sagt det,» svara Jesus” (Mt.26.25). Peter og Judas var begge i synlege posisjonar i flokken av læresveinar. Judas med ansvar for pengane og Peter fekk det andelege ansvaret. Dette er begge grunnar til at dei kunne komme til å reagere med å hive vinen i retning av Jesus. Judas visste han skulle svikte han, men vart i den retrospektive historia provosert nok til å reagere mot det Jesus sa om å forlate dei. Peter også reagerte med å hive vinen i ansiktet på Jesus som var hans ”Herre”.

Ei yngre kvinne reagerte slik på den retrospektive situasjonen der Peter og Judas heiv nattverdsvin i ansiktet på Jesus: ”Det er litt vanskeleg fordi no går du inn og finn på ting (3)”. Det å sjå for seg ein tenkt situasjon kan på fleire måtar vera utfordrande for informantane. Denne informanten synest dette er vanskeleg, for å stille spørsmåla slik er å rokke ved nattverden som sakrament. Informanten reagerar på at intervjuaren går inn og finn på ting som ikkje står i Bibelen. Reagerer informanten på at det intervjuaren faktisk finn på er blasfemi? Eller reagerer ho fordi det er vanskeleg å sjå for seg ein slik nattverdssituasjon? Ein kan tenkje seg at informanten reagerer på moralen i å leggje fram ein slik tenkt episode. Om det er ei blasfemisk ytring frå informanten si side skal stå usagt, men det er eit moment at ho kanskje ikkje vil gå inn i ein slik situasjon, fordi hennar religiøse følelsar kanskje vert krenka. Informanten viser til ”ting”, som ein faktor for kvifor dette er vanskeleg. Er det vanskeleg fordi det er ein ”ting”, eller er det vanskeleg fordi det eventuelt ikkje har skjedd? Ordet ”vanskeleg” vert også relevant med tanke på at informanten kan bevisst eller ubevisst la vere å bruke ordet blasfemi for liksom å skåne intervjuaren. Det kan også vera eit moment i denne samanhengen at vi i Noreg har ein blasfemiparagraf og ein ytringsfridomsparagraf. Det kan medføre reservasjonen informanten her viser mot å uttale seg meir direkte mot det å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus.

Det er veldig audmjukande, du viser og ein stor del forakt når du, han som var meisteren som dei hadde følgt i fleire år og så bare hive dei eit glas med vin i ansiktet på han (4).

Å verta audmjuka kan ha fleire sider. Informanten viser til at det er audmjukande når to læresveinar hiv nattverdsvinen i ansiktet på Jesus. Spørsmålet er om det er Jesus eller informanten som har eit potensiale for å verta audmjuka. Jesus vart korsfesta på Golgata fordi han kalla seg sjølv for Guds son. Om Jesus ville følt det audmjukande å få heve vin i ansiktet vert berre synsing, men det er eit moment at informanten svarar at det er veldig audmjukande. Vinen som symbol på Jesus blod er i dette tilfellet det teologiske moment i denne samanhengen. Nattverdssynet i Den Norske Kyrkja seier at vinen er eit symbol på Jesu blod og at du kan få tilgjeving for syndene ved i tru å ta i mot nattverden. Å hive vinen tilbake i ansiktet på Jesus kan oppfattast som å krenke Jesus og den heilage handlinga (sakrament) som nattverden er for til dømes informanten. Det er tydeleg ho føler dette ville vore audmjukande.

Informanten viser og at det har noko å sei kor lenge læresveinane har vore saman med Jesus. Det er på ein måte med å vise at handlinga kan vera blasfemisk ovanfor Jesus. Det er på ein

måte vanskelegare å ikkje vise respekt for ein som har vore meisteren til Peter og Judas i fleire år. Det i seg sjølv kan vera avgjerande for om handlinga er blasfemisk, fordi Jesus hadde sagt han var Guds son⁵. Det ville kanskje vore lettare for dei å provosere eller audmjuke nokon dei ikkje kjente personleg, og som ikkje hadde vist dei kjærleik og lært dei opp i kristen tru. Det ville kanskje også vore lettare for dei å gå til slike fysiske åtak ovanfor personar eller grupper dei hadde noko i mot. Jesus hadde vore deira læremeister og dei visste at han brydde seg om dei. Det kan difor vera problematisk å sjå at nokon kunne gjera dette mot ein som hadde vore læresveinane sin meister i over tre år.

På spørsmål om dei oppfatta dette blasfemisk svarte informantane: ”Ville ikkje oppfatte det som blasfemi eg ville berre oppfatte det som vås (1)”. Informanten brukar uttrykket ”vås”. Informanten viser at ho oppfattar vås og blasfemi som to ulike ting. Ho meiner det er skilnad på å definere noko som vås og andre ting som blasfemi. Det at informanten ikkje ville oppfatte at to læresveinar skulle hive nattverdsvinen i ansiktet på Jesus som blasfemi, viser kanskje litt av den toleranse nordmenn har fått ovanfor provoserande ytringar. Informanten har også sett for seg at ein kunstnar kunne tenkje seg å male eit slikt motiv som at til dømes Peter og Judas heiv nattverdsvin i ansiktet på Jesus. Det er likevel ikkje eintydig for om informanten meiner det er ”vås” med bakgrunn i ein tenkt situasjon eller eit maleri.

”Eg veit ikkje om det er blasfemisk eller ikkje, men eg trur at meir det at eg ville ikkje reagert sånn på det trur eg (3)”. Reaksjonen her er at informanten ikkje kan identifisere seg med ordet blasfemi i denne samanhengen. Situasjonen vil heile tida vera noko som ikkje kjem til å skje, fordi bilete som er presentert har ein 2000 år gamal historie og informantane vert utfordra på det retrospektivte. Om ein kunstnar malar eit maleri med eit slikt innhald, det gjenstår å sjå. Det er likevel ein tanke om norske journalistar ville teste ytringsfridomen ved å teikne ein karikatur av ein slik situasjon, eller om det var ein kunstnar som med flid hadde mala eller teikna ein retrospektiv nattverdssituasjon.

Informanten fokuserer på at det er vanskeleg å vite sikkert om det er blasfemi eller ikkje. Ho ville også tru at ho ville reagere på ein annan måte, kanskje ved hjelp av andre følelsar enn dei som kjem inn i bilete med tanke på blasfemi. Kva følelsar det skulle vera snakk om kjem ho ikkje inn på, men det er spennande at ho ikkje er sikker på om det er blasfemi eller ikkje. Det

⁵ Jesus kalla seg fleire gonger Guds son i Det Nye testamentet. Det var også dette han vart dømt og korsfesta for, fordi farisearar og skriftlærde oppfatta det som blasfemi, å kalle seg Guds son.

viser at også ei sak som blasfemi kan ha minst to ulike sider, eller om kor grensa går for kva som kan reknast for blasfemi. Når det ikkje vert omtala som blasfemi av denne informanten, vert det vanskeleg å sjå dette frå noko anna enn den andre sida, den som ikkje er blasfemisk. Informanten er ikkje sikker. At ho er usikker gøymer på ein måte det beste svaret. Kva er det informanten "trur"? Å tru kan her vera det avgjerande. At informanten trur på Jesus vil nettopp kunne skape følelsar av å verta krenka eller å oppleve noko som blasfemi. Det er likevel usikkert om det er mogeleg å sei det så sterkt. Kva andre måtar finst å reagere på? Informanten gjev då kanskje til kjenne at ho vil heve seg over det. At det på ein måte vert for objektivt eller at ho ikkje ynskjer å gå inn i ein slik tenkt nattverdssituasjon med grunnlag i følelsar.

Tre informantar har ulike opplevingar av om ein slik nattverdsituasjon er blasfemi eller ikkje. Den tredje informanten svarar annleis på dette enn dei to føregåande. Dette kan ha med ulike referanseråmer å gjera, sjølv om alle informantane er kvinner, har høgare utdanning og er medlemmer i Den Norske Kyrkja.

Då hadde eg tenkt blasfemi. Då hadde eg syntes det var ja, då ville eg sagt det var hånande mot både mot Gud, nattverden, at det var Gudsbespottande, men at det og var krenkande mot kristne (4).

Denne informanten er særst tydeleg i sine svar på om ho synest det er blasfemi å vise til ein slik tenkt nattverdssituasjon. Ho seier at blasfemi er å krenka Gud og dei truande. Jesus vert her offeret for ei blasfemisk ytring eller handling. Informanten peikar på at det både er "...hånande mot Gud, nattverden, at det var Gudsbespottande". Det vert tolka slik at det er Gud som er i nattverden, i brødet og vinen. Om Gud er til stades i brødet og vinen, er det sjølv sagt at det er blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus. Det er også mogeleg å tenkje reint praktisk på det at Jesus vert våt i ansiktet, og at det difor ikkje var fint gjort å hive vinen i ansiktet Hans. Om ein følgjer ei slik tankerekke er det vanskeleg å skulle sei at det ikkje er blasfemi. Eit anna alternativ er å tolke det i lys av at ein krenkar kristne og då er det ikkje lenger sikkert ein kan kalle det blasfemi, sidan "blasfemi" ikkje er ein gjeven størrelse (Lawton, 1993).

Informantane fekk vurdere spørsmålet opp mot korleis dei ville reagert viss ein kunstnar hadde malt eit bilete med eit slikt motiv. Informantane gjev då uttrykk for at dei enklare ville

akseptert ein kunstnars maleri av situasjonen, framom den situasjonen eg presenterte for dei. Dei var ikkje likegyldige til kva slag motiv som låg bak kunstnaren sitt maleriske motiv.

Informantane hadde også nokre personlege utsegn om kva som vart utfordra i nattverdsmotivet som eg vil presentere her: ”Eg oppfattar det ikkje som utfordrandes, synest bare det er fasinerte(1)”. Informanten opplevte å verta fasinert av denne nattverdsituasjonen. Det utfordrande momentet vert ikkje vektlagt. Det kan bety at informantene synest det er innanfor det akseptable å verta utfordra på denne måten. Å verta fasinert treng ikkje bety å godta eit kvart utspel, men at informantene i dette tilfellet kjenner seg fasinerte av ein situasjon der Peter og Judas hiv nattverdsvinen i ansiktet på Jesus. ”Trur ikkje det ville gått slik inn, trur det ville gått litt forbi (3)”. Ho trur dette inntrykket ville gått litt forbi. Om det betyr at ho hevar seg over det og ikkje let det sleppe til, eller om ho går inn for å halde det på avstand er ikkje heilt lett å finne svar på. Det viser likevel ein viss avstand til det som skjer og at svaret kanskje ikkje er heilt avklart. Det kan også vise at temaet er uvant og slik sett kunne trenge meir tid og refleksjon.

”Så viss eg hadde sett eit maleri som gjorde det måltidet der om til spott, krangling og slossing så hadde eg følt det var krenkande (4)”. ”Så viss eg hadde sett eit maleri som gjorde det måltidet om til spott, krangling og slossing” ville det vore krenkande for informantene. For informantene er det å gjera nattverden om til noko anna enn vanleg nattverd det vanskelegaste med denne nattverdssituasjonen. Å spotta Gud er for informantene det berande i situasjonen. Å hive vin direkte i ansiktet, til Jesus vert så djuptgåande at eit slikt maleri ville vore krenkande. Det er Jesus, som får vinen i ansiktet, som også er sjølv symbolet på nattverden. Det er på ei anna side provokasjonen sjølvstendig som er krenkande. Å skirve om historia er ei ytring det vert reagert sterkt på. Det kunne vore like relevant å spørje dei berre ut frå ein vanleg nattverdsituasjon i kyrkja, der nokon i protest mot nattverden gjorde narr av den og tømte den ut. Då hadde ein mista spenninga ved å fokusere på det retrospektive, men det hadde kanskje vore meir relevant i samanlikning med dei andre spørsmåla i intervjuet med dei kristne informantane?

5.1.3. Er det blasfemi å brenna Bibelen?

3. Er det blasfemi å brenne Bibelen?

Som innleiing til spørsmål om det er blasfemisk å brenne Bibelen viste eg til Otto Jespersen. Han sette fyr på Bibelen og bilete av dette vart trykt på framsida av Verdens Gang (VG) (Rovik, 2006,s.1.6-7). Informantane vart spurt om korleis dei hadde reagert viss nokon sette fyr på Bibelen i nærleiken av dei. Eit eksemplar av Bibelen vart lagt på bordet før spørsmålet vart stilt.

Informantane hadde desse reaksjonane på spørsmålet om å brenna Bibelen: ”Nei, igjen altså så har me kristne eit anna forhold til Bibelen enn muslimane. Som regel i forhold til kor den skal ligga eller stå eller (1)”. Når det gjeld å brenne Bibelen versa Koranen legg informanten vekt på at vi har eit anna forhold til dette enn muslimar. Med andre ord går informanten ut frå at muslimar truleg ville reagere sterkare på ei brenning av Koranen enn kristne vil reagere på ei brenning av Bibelen. Dette viser at det er forskjell på korleis muslimar og kristne oppfattar sine heilage bøker, Koranen og Kristendommen. Muslimar ser på Koranen som Guds overleverte ord til Muhammed. Kristne ser på Bibelen som eit vitnesbyrd om Israelittane si historie og Jesus som frelsar. Ser vi tilbake på karikaturstriden der eit rykte om ein sms-aksjon om at nokon skulle brenne Koranen i Danmark førte til angrep og nedbrenning av den norske og den danske ambassaden i Damaskus er dette kanskje eit poeng. Det er likevel vanskeleg å sjå at dette skal tilleggjast stor vekt i vårt vestlege samfunn. Om det er blasfemi å brenne Bibelen, vert slik sett ikkje svart på konkret. Det informanten viser til, er at ho trur muslimar ville reagere annleis enn kristne på dette, fordi det er eit faktum at det er viktig for muslimar kvar Koranen er plassert. Det skal også leggjast til at over 1700 kristne reagerte med å sende e-post til redaksjonen i TV2 då Otto Jespersen ville brenne Bibelen i eit TV-program (H. Prestegården 2006). Informanten tek slik ikkje eit konkret standpunkt til om dette er blasfemi eller ikkje. Det blasfemiske moment er likevel med. Å unngå å svare konkret i forhold til kva kristendommen seier kan oppfattast som å ikkje ville svare, eller at det vanskeleg å gå inn i dei ekte følelsane omkring det å brenne Bibelen.

”Viss nokon gjorde det trur eg dei ville visst kva dei gjorde. Då ville eg sagt at dei krenka både dei kristne og Gud (3)”. Informanten tek her inn den transcendent dimensjon når ho viser til at også Gud kan komme til å verta krenka av at nokon brenn Bibelen. Å krenka dei

truande er blasfemi, i følgje ein definisjon. At dei som gjer det "ville visst kva dei gjorde", men likevel gjorde det er eit signal på at dette er blasfemi. Informanten viser til dette som eit slags forsterkande moment i samtalen om dette er blasfemi eller ikkje. Sjølve handlinga ville då på ei side vera gjort med overlegg. Om ei slik handling er gjort med overlegg, vil ein kanskje kunne sei det er blasfemi. Om handlinga vart gjort utan å ha kunnskap om religiøse følelsar, er det kanskje også blasfemi, fordi dei truande reagerer, men det er likevel eit reduserande moment i det. Å ytre seg på ein slik måte vert utfordrande for informantane.

Eg oppfattar det eigentleg som Gudsbespottande når nokon tenner på Bibelen. Det er det vi ser på som Guds ord og der Gud gjev seg til kjenne og viss nokon skulle tenne på det ville eg føla at det var veldig spottande (4).

Å spotta Gud vert av informanten oppfatta som blasfemi. Det vil sei informanten har ei referanseråme som fortel at det å tenne på Bibelen er gudsbespottande og kan på ulike måtar krenke dei truande eller Gud. Dette er grunna med at det er "der Gud gjev seg til kjenne" Ein legg då til grunn at å gje seg til kjenne betyr at Jesus formidla kva Gud står for, når han, som kristne trur, gjekk rundt på jorda. Å brenna Ordet vert slik sett ei sterk handling og kan definerast som blasfemi, sjølv om papir kanskje berre er papir. Det er symbolverdien i Bibelen som har mest å sei for korleis kristne oppfattar ei brenning av Guds ord. Sjølv om muslimar vil reagere sterkt, vil kristne også gjere det jmf. informantane. Den eine informanten peikar på vårt forhold til muslimane, medan dei to andre ser meir på forholdet vårt til Gud og menneske som vert krenka eller føler det spottande om nokon tenner på Bibelen. Dei yngre kvinnene kjem ikkje inn på ytringsfridom i denne samanhengen, men det er tydeleg det påverkar "blasfemifølelsen" deira å vert utfordra her. Det kunne vore eit moment å diskutere brenning av Bibelen konkret opp mot ytringsfridomen ved eit seinare høve.

Ja, det vil eg sei var å gå over streken, ja...trengte du å gå så langt for å provosera? Kva vil du oppnå med det? kva vil du fram til?... Eg tenke meir sann ei bok som ein ting... eg ville meir tenka at det var å krenka dei truande...(1).

Det kan vera ein vanskeleg balanseong å vite kor grensa går for kva som er blasfemi. Informanten definerer dette ved å beskrive at å brenne Bibelen, er å gå over streken. Som informanten viser til ser ho meir på Bibelen som ein ting. Ein ting kan erstattast. Om ein person absolutt vil brenne ein Bibel kan nok informanten ignorere det og la det passere utan å

vide at ho kanskje vart krenka. Det ville kanskje vera å krenka dei truande som gruppe i samfunnet vårt, nesten for eit åtak å rekne.

”Då ville eg kalla det for blasfemi. Det er jo absolutt krenkande mot truande når dei tenner på Bibelen (4)”. Det er krenkande mot dei truande å tenne på Bibelen legg informanten vekt på. Ho definerer det som blasfemi. Informanten peikar på at det er absolutt krenkande når dei tenner på Bibelen. Det er Bibelen som heilag bok som vert krenka. Det kan difor vurderast om brenninga i seg sjølv er blasfemi, utan at det hadde vore kristne vitne til brenninga.

På dette punktet er informantane ganske einige. Det er eit sterkt bilete med Bibel brenning. Dei responderer til dels ulikt, men hovudbodskapen ser ut til å vera den same; bibelbrenning er, eller grensar til å vera blasfemi.

Personlege uttrykk for Bibel brenning: ”Bibelen og er eit symbol på den kristne trua og kunnskapen. Så eg ville reagert på det og tenkt at det var veldig unødvendig(1)”.

Informanten legg vekt på at Bibelen er eit symbol på den kristne trua. Trua er Guds ord, eit vitnesbyrd om til dømes Jesus gjerning på jorda. Det kan vera grunnlag for å sei at Bibelen då er den kristne trua sin kunnskap. Informanten kan tolkast som ho nærmar seg dette i ytringa. Det er likevel eit poeng at informanten synest det ikkje er naudsynt at eit brenn Bibelen. Kanskje er dette eit syn ho deler med andre kristen, at ein ikkje treng gå så langt som å brenne Bibelen.

”At dei så fysisk og sterkt går til verks og tenner på rett framom meg hadde eg syntes var veldig, ja, sterkt (4)”. Informanten beskriv brenning av Bibelen som ”fysisk” og ”sterkt”. Kva kan liggje i ei slik ytring? Den er spontan, vi får ei klar melding om ein informant som ikkje er redd for å fortelje meininga si. At det er ei ”fysisk” ytring som vert gjort, på den måten at Bibelen vert påtent kan vera det som gjer sjølve reaksjonen så ”sterk”, det er ikkje til dømes nokon som truar med å gjera det. Om nokon berre hadde trua med å tenne på, hadde kanskje ikkje informantane reagert på same måte. Det går igjen hos kvinnene at dei meiner det vil vera sterkare å sjå sjølve brenninga enn til dømes å høyre om det. Det gjer meir inntrykk når nokon tør å gjera ei handling som kan oppfattast blasfemisk, enn om ein til dømes ser eit bilete av Otto Jespersen som brenn ei bok, sjølv om ein veit det er Bibelen han brann.

Informantane er kanskje mest like i svara sine her. Dei er alle samde i at å brenne Bibelen vekker sterke reaksjonar hoss dei sjølve, og forstår at det også kan vekke følelsar hjå andre personar. På det punkt at det kan vekke følelsar hjå andre personar er vi over på ytringsfridomen og kva det ville ha å sei for bruk av den.

I det følgjande kjem ei oppsummering av kva informantane har formidla gjennom intervjuet og det å verta utfordra på om det er blasfemi å døype ei dokke, om det er blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus og om det er blasfemi å brenne Bibelen.

5.2 Oppsummering

5.2.1 Oppsummering av om det er blasfemi å døype ei dokka?

Det er tydeleg at situasjonen rundt dåpen vekke tankane og følelsane til informantane. Ord som ”krenking”, ”støytande”, ”rart”, ”absurd”, ”provosert”, ”fordømmande” og ”heilt på trynet” kom fram i materialet. Felles for dei er at dei syntes dette ville vera eit tillitsbrot av presten mot foreldra til dåpsbarnet, og heile kyrkjelyden, som presten er sett som hyrde for. På ulike måtar talar desse orda nærast for seg sjølv.

Det sterkaste inntrykket hos informantane vart at presten tok ei dokke i staden for å ville døype babyen. Situasjonen vart ikkje gjennomført, det stoppa akkurat i det presten skulle til å døype dokka. Reaksjonane er likevel blanda og spriker frå at den eine informantane ikkje vil kalle det for blasfemi, ei seier ho vil oppleve det som ein ukomfortabel situasjon, men ikkje blasfemi, til at ein annan er inne på nettopp det.

Menneskje er i sentrum, mennesket skal døypast med vatn og Ande, og, kan ein seie, få del i eit nådefelleskap. Det er det sterkaste informantane kan formidle. Å gå på akkord med trua på den måten vil nok vera å ta vekk noko av grunnlaget for dåp.

Den Norske Kyrkja har to sakrament, dåp (Joh.1.32-34) og nattverd (Mt.3.13-16). Det var viktig for informantane at presten i denne situasjonen rokkar ved dåpen som er det eine av sakramentet i kyrkja. Det er eit alvor over å prøve å forandre på noko som har tradisjon over 2000 år tilbake i tida. Det var Jesus som innførte dåpen med Den Heilage Ande og frelse kan vi lese hoss evangelisten Johannes i Bibelen. Det kan difor vera særleg vanskeleg for

informantane å leggje noko anna i dåpen enn det Jesus gjorde for 2000 år sidan, utan å komme innom at dette kan tolkast eller følast som å verta krenka religiøst eller definere det som blasfemi.

5.2.2 Oppsummering av om det er blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus

Informantane har gjennom ein slik tenkt nattverdssituasjon vorte utfordra på sjølve grunnlaget i nattverden. Om Judas og Peter ville gjort ei slik handling, vil vi ikkje få svar på. Det spanande er at ein av informantane reagerer spontant med at det ikkje ville skjedd. Det gjennomgåande er at dette er vanskeleg å sjå for seg, men at det er eit kraftig uttrykk.

Ein av informantane gjev uttrykk for at dei ville ha for myke respekt til å gå til det skritt å hive nattverdsvinen i ansiktet på Jesus. Til og med Judas vert sett i ein slik kategori. Når informanten fokuserer på det er det kanskje fordi Judas hadde ein utsett posisjon, han skulle svikte Jesus. På ei anna side ville det vera enklare for Judas nettopp på grunn av at han stod klar til å svikte han likevel. Peter hadde tidlegare vist at han var litt uberekneleg og rask til å dra konklusjonar.

Jesus ville kanskje i ein slik situasjon verta audmjuka, han var ut frå Bibelen sann Gud og sant menneske og kunne difor ha reagert på ei slik framferd. Det som er spanande her er at det kan ligge ei dobbel meining i audmjukinga. Det er kanskje sannsynleg at også informantane kunne kjenne på audmjuking i møte med denne type ytring. Er informantane til dømes heilt nøytrale ovanfor at intervjuaren utfordrar dei på eit av sakramenta i kyrkja?

Kor går på ein måte grense for korleis ein kan ytre seg? Kva er eventuelt blasfemi i møte med denne type utfordring?

Det kan vera lett vint å dra raske konklusjonar i denne type oppsummering av ein slik nattverdssituasjon. Det er nok viktig å få med at informantane her vart utsett for til dels sterke moralske utfordringar. Dei vart utfordra på det kristne vil kalle for samfunnet med Jesus i nattverden. Det viktige vert kva dei oppfattar som blasfemi og kvifor dei gjer det.

5.2.3 Oppsummering av om det er det blasfemi å brenna Bibelen?

På dette spørsmålet kom det fram at kristne ikkje ville la seg provosere like sterkt av at nokon ville brenne Bibelen, som det muslimar ville gjere om nokon ville brenne Koranen. På ei anna side var det lita tvil om at særskilt den eine informanten fann det krenkande å sjå for seg at nokon kunne setje fyr på Bibelen, som er Guds ord og der Gud gjev seg til kjenne.

Kristne over heile landet reagerte med å sende e-post til redaksjonen i TV2 då dei ville sende eit innslag med Otto Jespersens Bibelbrenning. Det viser at det er eit aktuelt spørsmål som også vakte reaksjonar mellom informantane.

Informantane er samde om at dei ville reagert sterkt på om nokon tente på Bibelen for å provosere. Då er det ei overlagt handling, og då ville det vore enklare å kalle handlinga blasfemi. Om nokon til dømes hadde brukt sider av Bibelen som rullepapir i eit fengsel, i mangel på rullepapir, er det vanskelegare å sjå for seg at det er blasfemi.

Å brenna Bibelen er ei sterk handling seier den eine informanten. Kvinnene er samde om at det liknar eller er blasfemi å setje fyr på dei kristne si heilage bok, Bibelen. Dei er også nokså samde om at det å brenne bibelen vert å krenke eller spotta dei truande. Det vert på ei anna side ikkje å krenke Gud, men er like fullt blasfemi. Det er også eit moment at informantane på ei side kan heve seg over sjølve handlinga og tenkje at Bibelen er ein ting, papir som er samla i ei trykt bok som heiter Bibelen.

6.0 DISKUSJONSDEL: BLASFEMI FOR MEG – DET SAME FOR DEG?

6.1 Problemstilling

Problemstillinga i denne oppgåva er: Korleis oppfattar yngre kvinner som har ståstad i islam og kristendom blasfemi? For å få svar på problemstillinga stilte eg desse tre spørsmål i analysen av dei muslimske intervju: ”1. Er det blasfemi å teikne Muhammed? 2. Er det blasfemi å teikne Gud? 3. Er det blasfemi å brenne Koranen? I analysen av dei kristne intervju stilte eg desse tre spørsmåla for å få svar på problemstillinga: 1. Er det blasfemi å døype ei dokke? 2. Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus? 3. Er det blasfemi å brenne Bibelen? Dette vert diskutert på eit individnivå, der eg brukar svara frå informantane som bakteppe til å diskutere dei etisk opp mot nærleiksetikk. Dei to spørsmåla som går på brenning av Koranen og Bibelen vert samanlikna til slutt i ”individnivået” i kap.6, under overskrifta ”Brenning av heilage bøker”. På ”medienivået” diskuterer eg korleis redaktørane Mohammed Al-Asadi og Vebjørn K. Selbekk vert behandla gjennom karikaturstriden. Dette ser eg i lys av det å verte krenka i forhold til Løgstrup si etiske fordring.

6.2 Krenking og blasfemi sett i lys av nærleiksetikk og den etiske fordring

I denne diskusjonsdelen vil eg gå inn på individnivå i forhold til analysen av intervju og eg har brukt nærleiksetikken og ”ansiktet sin filosof”, Emmanuel Levinas. På medienivået i karikaturstriden har eg valt å sjå på karikaturstriden frå eit etisk perspektiv, i lys av Løgstrup si etiske fordring (Henriksen og Vetlesen, 2006,s.221). Tema i denne diskusjonsdelen vil verta behandla i to ulike deler. Møtet med nærleiksetikken og blasfemi vil først sjåast gjennom svar frå dei muslimske informantane. Dei vart ”utfordra” på teikningar av Muhammed og teikningar av Gud. Dei kristne vart ”utfordra” på ein dåp der ei dokke vart påstått å skulle vera dåpsbarn, og ein nattverd der to av deltakarane reagerte med å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus. Vi vil her også møte svara i forhold til nærleik mellom menneske, Gud og den etiske fordringa i forhold til kva som er blasfemi og kva som ikkje er det. Spørsmålet om det er blasfemi å brenne Koranen/Bibelen vert behandla mot slutten av diskusjonen, og vert meir ei samanlikning av om muslimske og kristne kvinner oppfattar det å brenne dei heilage bøkene til sine respektive religionar er å rekne for blasfemi, og kva moralske dilemma dette eventuelt reiser. Det heile er sett i lys av nærleiksetikk på eit ”individnivå” og av Løgstrup si fordring på eit ”medienivå”.

6.2.1 Individnivå

Eit individ, eit menneskje, like frå dei første menneskja Adam og Eva vart sett til å forvalte Guds skaparverk ved å la dei råde over verda (Gen.1.28;9.2). Dei fekk ansvaret for å føra slektene vidare og dei var dei første som lærte å møte det andre menneskje i lys av det blottstilte ansiktet, vise og gje omsorg ovanfor kvarandre (Henriksen og Vetlesen 2006,s.221).

6.2.2 Opplevingar av blasfemi sett i lys av nærleiksetikk

Nærleiksetikk, å vera nær eit ansikt, eit individ, å kjenne ansvar for den moralske standard eit kvart menneske ein møter har, eller vi vert påverka av, ikkje minst vår eigen moral i møte med andre menneskjer. I lyset frå Guds ansikt, "Imago Dei", menneskje i Guds bilete. Det fordrar møter mellom menneskjer, om ikkje å krenke menneskje eller Guds ansikt. Uavhengig kva for ein farge "Imago Dei" har, kan menneskjer sameinast i dei erfaringar som vert gjort og etablere ein etikk for korleis "Imago Dei" ser ut i framtida. Mange dilemma dukka opp og korleis reagerte dei på ulike situasjonar dei fekk presentert. I det følgjande vil noko av det dei formidla verta diskutert ut frå det som ligg kvinnene nært, trua på ein Gud.

6.2.3 Ansiktet sin filosof

Emmanuel Levinas vert kalla "ansiktets filosof". Han meiner fordringa ikkje kjem frå eget, eller "det autonome" menneskje slik Kant kan vurdere det, men han meiner at fordringa kjem i møte med det andre menneskje eller snarare frå det andre menneskje. Det vert på den måten eit "heteronomi" i staden for eit "autonomi" (Henriksen og Vetlesen, 2006).

Når ein person eller til dømes ei gruppe ytrar seg om noko og det viser seg at ytringa i seg sjølv ikkje er grunnlagt i god nok kunnskap, og difor skapar debatt, er det rom for diskusjon om det er blasfemi eller ikkje. I møte med fordringa og den andre sitt meir eller mindre blottstilte ansikt kan vi då få eit differensiert svar. Kvinna som svarar at hennar reaksjon på ei teikning av Muhammed vil vera avhengig av kunnskap, viser då kan hende ei djupare forståing av den andre si fordring. Ho skapar rom for at den moralske standard kan vera ulik frå ansikt til ansikt. Dilemmaet vert at kvinna står ved at å teikne Muhammed er blasfemi. På

ei anna side vurderer ho at det andre menneskje eller gruppa har rett på omsorg og respekt, sjølv om det går på akkord med hennar eigen ståstad.

Kant går ut frå at den moralske fordringa kjem frå "eget" sitt krav til seg sjølv. Enkelte andre filosofar tek inn at "eget" kan komma frå Gud. I tilfelle ovanfor er det tydeleg at informanten tek inn ein annan dimensjon enn seg sjølv (ibid, 2006).

Det er mogeleg informanten er innoom sitt eige "moralske lovverk" før ho svarar at det er forskjell på om det er ei overlagt handling, eller om handlinga kjem av for lite kunnskap. I dette tilfelle er det mest truleg ho var vore innoom sitt eige, det muslimske, og på den måten også Gud/Allah⁶. Ut frå det har ho konkludert med at ho må bera over med om enkelte ytrar seg sterkare enn ho sjølv ynskjer, sjølv om ho faktisk vil meine at handlinga er blasfemi.

Eit anna moment er informanten som i barndommen gjerne ville sjå bilete av Muhammed, men mora nekta henne det. Her er det då spørsmål om det er moralsk lovleg å sjå ein profet eller ein heilag person sitt ansikt. Eit anna spørsmål er om det er tilbake noko heilagt i Muhammed sitt ansikt, eller om det er det som er det viktige i informanten sitt barnlege ynskje om å sjå bilete av Muhammed. Ho seier også at ho i dag ikkje har noko i mot bilete av Muhammed, men at ho vert lei seg når det er gjort med overlegg for å provosere.

Kvinna vert lei seg. Å verta lei seg kan setjast i kontakt med at ho vart skuffa av at karikaturar vart publisert, men at ho møter fordringa ved at ho ikkje møter den som i hennar auge var provokatøren. Ho møter fordringa gjennom karikaturane i ei avis. Ho møter då kanskje ansiktet til Muhammed med overført appell frå ansiktet til dei som trykte karikaturane og på bakgrunn av dette seier ho vert lei seg. Det gjeld å vise respekt for "det sårbare menneske" og menneskje sin integritet (ibid, 2006). Sjølv om kvinna går god for at ho i barneåra ville sjå bilete av Muhammed og i vaksen alder likevel erkjenner at å sjå bilete kan vera sårande, men at det igjen har noko å seie kvifor det vart gjort. Om ein tillegg kvinna at ho reagerer ut frå religiøse følelsar, ser vi at det faktisk er dei som vert krenka, og ho misser då respekt frå det andre ansiktet. Ho hadde kanskje forventa meir omsorg frå dei som publiserte karikaturar. Det vil sei at ho heller mot å ynskje at dei tek meir omsyn til, blasfemiparagrafen i Noreg enn

⁶ Allah om Gud vert også brukt av arabiske kristne i Arabiske land (Khader, 2004)

ytringsfridomen. Dilemmaet er om det er interessa til dei som trykte karikaturar som skal takast omsyn til eller om det er informanten sine krenka religiøse følelsar (ibid, 2006).

6.2.4 Er det blasfemi å teikne Muhammed?

Muhammed var eit vanleg menneskje. Han vart ikkje rekna for ein heilag profet før han fekk openberringane gjennom mellom anna engelen Gabriel (Sjå kap.3). Det er mogleg vi kan seie han var verdas første imam. Han fekk opphøgd status og islam reknar han for den viktigaste profeten i historia. Å krenka profeten Muhammed vert rekna for blasfemi. Å synleggjera karikaturar, eller annan illustrasjon er for mange muslimar rekna for blasfemi.

Som den eine informanten var inne på, Muhammed vert aldri vist på film. Ein film om Muhammed er ein film der ein berre høyrer stemma til Muhammed. Kroppen er bakom eit forheng eller ikkje der i det heile, ein høyrer berre stemma. Det vil seie at regissøren tek omsyn til biletforbodet, som til dømes vert sterkast handheva av sunnimuslimar, men han let ei etterlikning av Muhammeds stemme likevel få vera ein del av filmen.

Når Muhammed likevel vert publisert for eksempel i form av karikaturar, kva skjer med hans ansikt? I møte med Løgstrup si fordring, kven sitt ansikt er det som står att som nakent? Muhammeds eller dei som er ein del av det Løgstrup kallar den etiske fordring?

”Vi er nakne. Et ansikt er nakent i betydningen blottstilt” (Henriksen og Vetlesen, 2006,s.221). Den eine informanten legg stor vekt på at Muhammed ikkje skal teiknast. For henne vert kanskje fordringa at ho ynskjer omsorg for Muhammed som profet, og difor ikkje vil at han skal krenkast. Likevel var han eit menneske med same fordring og behov for respekt som alle menneskjer. Muhammeds ansikt får nærmast eit ambivalent forhold til sjølv. Spørsmålet vert på ein måte: Kven var Muhammed? Det tek ikkje fordringa umiddelbart stilling til. Det er likevel eit moment at ein kan sjå ”det nakne ansiktet” både frå informanten og Muhammeds side. Særskilt når ein vurderer kva som er å ikkje vise profeten og informanten den respekt dei fortener, i møte med til dømes karikaturar av Muhammed.

Å verta blottstilt eller krenka viser ein reaksjon som kom fram i intervjuet. Ein informant vurderer om det å drepa er det riktige eller moralske i forhold til sjølve handlinga. Blasfemi

kan, som sagt i kap. om blasfemi, straffast med døden. No er det ikkje korleis det vert sanksjonert mot blasfemi som er det viktigaste i denne oppgåva, men det viser kanskje at ansiktet kan ha mange fargar eller nyansar i møte med den uuttalte fordringa til Løgstrup. Det ”autonome” menneskje vert her blottstilt.

6.2.5 Er det blasfemi å teikne Gud?

Muslimske og kristne kvinner sine oppfatningar av om det er blasfemi at nokon teikna Gud vil vere avhengig av ståstaden deira. For det første trur muslimar og kristne på ein Gud. Muslimar og kristne trur på Guds nåde. Muslimar og kristne trur at ingen har sett Gud⁷. Muslimar trur på Jesus som profet, men ikkje som frelsar og her skil dei grunnleggande lag teologisk. Ut frå dette er det mogeleg å sei at dei muslimske informantane ikkje vil ha eit sterkt autonomt menneskesyn. Til samanlikning har også dei kristne informantane vanskeleg for å ikkje sei at å teikne Gud er blasfemi.

Blasfemi kjem til syne i nyansane mellom teikninga av Gud, og informanten som har sett for seg ein slik teikning. Ei kvinne seier også at om teikninga av Gud hadde vore ”fin (2)”, ville ho ikkje ha reagert negativt. Med andre ord ville både teiknaren og den som ser teikninga stå moralsk likeverdig om det hadde vore ei fin teikning. Ho vurderte vidare at om ein teikning var ”stygg”, ville det vera sårande. Det er respondenten sitt ansvar å tydeleggjere om ei teikning er stygg eller fin. Dei yngre kvinnene sin oppfatningar vil vera påverka av kva slag makt dei har og brukar i møte med blasfemi. I boka til Christoffersen (1999) står følgjande:

Vi er alle avhengige av andre, og denne avhengigheten gir oss makt over hverandre. Spørsmålet er ikke hvordan vi kan unngå makten, men hvordan vi bruker den (Christoffersen, 1999,s.27).

Når dei muslimske kvinnene som vart intervjuar responderer på blasfemiske ytringar, ein intervjuar som spør om det er blasfemi å teikne Gud vil dei måtte tenkje gjennom kor mykje makt dei er villege til å gje frå seg i ein intervjusituasjon. Det er ein sårbar situasjon, dei må opne opp personlege tankar. Slik er det også med det å teikne teikningar av Gud. Dei som teiknar vil i mange tilfelle vera klar over at om dei publiserer ein karikatur er ein inne på eit felt som kan skape reaksjonar. Dei har kanskje til og med teikna for å provosere. Som sagt i

⁷ Forutan profeten Muhammed, men ingen andre ville tåle å sjå han i følge ein informant. I tillegg såg til dømes Moses, Gud på Siani-fjellet i ei røyksky.

analysen kap.4, meinte ein av informantane at det kom an på kunnskapsnivået til den som utøvde blasfemi i kor sterk grad ho ville reagere. Med andre ord eit spørsmål om korleis makta vert brukt både av avsendar og mottakar.

Reformatoren, Martin Luther ville nok ha gått til rette med eit spørsmål om det er blasfemi å teikne Gud, han var i mot at menneske sjølv hadde ibuande eigenskapar for å forstå Gudsbilete. Det vil sei at han også ville ha restriksjonar i forhold til kva som vert teikna, som etterlikning av Gud. Han meinte at menneske åleine måtte ta i mot den nåde som berre Gud kunne gje kvar einskild. Med andre ord ligg Luther relativt langt frå eit syn der mennesket i seg sjølv er autonomt. Dette grunnar han i at mennesket er kva mennesket vel å halde seg til. Luther tek det så langt at han seier mennesket er eit bilete av kva det held seg til. Held mennesket seg til Gud er det eit bilete av Gud, held det seg til Djevelen er det eit bilete av Djevelen (Gregersen, 1992).

Erfaringar med å vera menneske mellom menneskjer og til dømes truande muslimar har gjeve dei ein samanfallande ståstad. "Det moralsk gode" vert då å ikkje teikne Gud. Teiknar ein Gud, så strir det mot Koranen, og det vil for mange muslimar verta rekna for blasfemi.

Den eine informanten legg til grunn at "ingen får lov til å sjå Gud". Ingen menneskjer har sett Gud i følgje islam, utanom profeten Muhammed. Møtet mellom profeten og Gud er ikkje nærare skildra, men reiser eit nytt spørsmål i forhold til Gudsbilete: Korleis såg Gud ut?

Gud skal ikkje kritiseras i følgje den eine informanten. Ein teikning kan oppfattast som kritikk. Å kritisera Gud er blasfemi i følgje informanten. "Ansiktet utstråler en særegen kraft, innehar en særegen autoritet" (Henriksen og Vetlesen, 2006,s.221).

Det kunne vore ei riktig moralsk handling for den som teikna teikninga, men den kvinna som møter eit blasfemisk ansikt kan oppleve det som eit vonde. Dilemmaet ligg i at den som teikna kan ha eit anna verdisett enn den som ser teikninga og difor ikkje skjønar at det kan oppfattast som blasfemi.

6.2.6 Er det blasfemi å døype ei dokka?

Barnet er i sentrum gjennom ein dåp. Det er barnet som vert døypt. Foreldra ber barnet fram til døypefonten og har då i lag med presten bestemt barnet sin dåpsdag. Når då foreldra møter ein prest som har tenkt annleis om dåpen, og vil la ei dokke døype i staden for barnet, vert det ulike reaksjonar. Informantane var einige om at det presten gjorde vart eit tillitsbrot ovanfor foreldra og kyrkjelyden som på ulike måtar mellom dei yngre kvinnene vart reagert på. Det grensa til blasfemi på ulike måtar.

Tillit er noko av det etikken fokuserer på, til dømes i møte med barnet. Barnet må hente si røyndomsoppfatning frå måten foreldra definerer verkelegheit på. Det må stole på/ha tillit til at det foreldra sa i går stemmer med det foreldra seier i dag. Normene foreldra presenterer for barnet dannar det verkelege livet for barnet, den tryggleik det opplever å ha i møte med til dømes den andre si fordring og sitt eige ”blottstilte ansikt”(Henriksen og Vetlesen, 2006).

Fordringa i vårt tilfelle med dåpen er at presten vil gjere noko han ikkje har avtalt med foreldra til barnet som skal døypast. Han let det ikkje vera ei fordring, men kanskje ei utfordring. Han misbrukar kanskje både sitt ansvar og den tillit foreldra har eller hadde til han som prest, og han utfordrar deira religiøse følelsar. Dåpen er grunnleggande i kristendommen, det er eit sakrament i Den Norske Kyrkja og presten si handling kan rokke grunnlaget i trua. Det viktige i denne situasjonen er om sjølve handlinga kan verta oppfatta som blasfemi og om det er akseptablet å ytre seg slik presten gjorde.

Eit eksempel på at det kan skape debatt å døype dokker stod ungdomsprest Terje Kjølsvik for i Nannestad kyrkje. Han inviterte i fjor (2005), 4-åringane til samling og døypte alt frå ”dokker” og ”krokodiller” til ”pokemonfigurar”. Dette var meint som eit tiltak i ”moderne trosopplæring”, med håp om ein pedagogisk effekt. Dokkene fekk også dåpsattest etter dei vart døypt. Reaksjonar frå ”lav” kyrkjelege miljø let ikkje vente på seg:

Dette er med på å gjøre dåpen til noe veldig lite. Det finnes mange andre måter å gi en pedagogisk tilnærming av hva dåpen handler om, uten å gå så langt som dette, sier informasjonsleder i Norsk Luthersk Misjonssamband, Espen Ottosen (Bjørke, 2006).

Indremisjonsforbundet sin generalsekretær Karl Johan Hallaråker er samd:

Små barn må gjerne leke med dukker under gudstjenesten, men at de døpes og får dåpsattest i offentlig regi virker helt uhørt, sier han (Bjørke, 2006).

Dette viser at ulike menneskjer har ulike oppfatningar av kor grensene går for kva som er akseptert eller ikkje. Ingen brukte i den føregåande debatt ordet blasfemi. Når ungdomsprest Terje Kjølsvik gjorde dette var det ikkje på ei gudsteneste, men på ei anna meir uformell tilstelling. Det skapte debatt og det viser at ein rokkar ved noko grunnleggjande for kristne menneskjer når ein "leikar" med dåpen. Her kan det kanskje også vera eit spørsmål om kven sitt ansikt som vert blottstilt. Er det presten som har teke på seg for stor autoritet, eller er det respondentane, som med "sine blottstilte ansikt", har vorte utsett for eit "overgrep" (ha vorte påført urett eller det vonde) som Levinas og Løgstrup kunne sagt det.

Det kan verka urovekkande å gjere noko anna i dåpen enn det som var planlagt. Dåpen gjev barnet del i sjølve nådefeleskapet og noko av menneskeverdet kan komme til å verta krenka om ein "leikar" med dåpen. Det autonome mennesket vert utfordra på sine religiøse følelsar, men kanskje også på menneskeverdet. Det er på ein måte ikkje berre om det er blasfemi eller ikkje å døype ei dokke lenger. Dilemmaet vert kanskje at menneskeverdet kan verta trua. Menneskeverdet er grunna i at menneskje er skapt i "Guds bilde" eller kva som kan særprege eit menneske med tanke på å handle fritt (Henriksen og Vetlesen, 2006).

Ut frå kva Levinas seier om fordringa, at den spring ut frå den "andre" sitt ansikt, og ikkje frå "eget" som Kant meiner, får vi her eit møte med det som kan virke truande for ansiktet. Situasjonen som spring ut av at dåpen eventuelt vert gjennomført med dokka eller vert avbrotten, kjem an på korleis dei som er familie og fadder til barnet vel å opptre i møte med ei slik utfordring. Barnet, eller menneskje, vert kanskje ikkje teken alvorleg, og ansvaret for handlinga ligg hos presten. Å påstå at dokka skal få Den Heilage Ande i dåpen er i seg sjølv heilt "absurd" for den eine informanten. Løgstrup meiner vi menneskjer er gjensidig avhengige av kvarandre, våre skjebner er gjensidig vevd inn i kvarandre. Det ligg då alltid grunnlag for at det kan oppstå interdependens. Foreldre gjer ofte alt for at borna skal få det best mogeleg. Dei er moralsk ansvarlege for borna sine val og utvikling. Når ein prest vel å gripe inn i sakramentet dåp, er han av ulike årsaker ikkje på heilt trygg grunn. Det er lett å seie litt flåsete at om Jesus ville vi skulle døype dokker i staden for små menneskjer hadde han kanskje sagt i frå. Presten grip ikkje berre inn i trua og trusutøvinga til folk, han går også

på akkord med det vesle dåpsbarnet sin mogelegheit til å få del i nåden og samhaldet. Han går i tillegg på akkord med det ”pedagogiske mandat” som kyrkja også framleis er ein del av, sjølv om det ikkje lenger er lov til å forkynne kristne aktivitetar i skulen. Foreldre sender friviljug borna sine på ein del aktivitetar. Eit av desse tilboda er faktisk dåp. I eit slikt lys kan ein sei at det faktisk er presten sitt ansikt som er mest blottstilt. Det kan vere det er foreldra som har størst grunn til å inneha autoritet, sjølv om presten på ein måte har prøvt å ta den i frå dei, ved å ikkje gjennomføre avtalen om å døype barnet (ibid, 2006).

6.2.7 Er det blasfemi å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus?

Nattverden er sameininga mellom Jesus og læresveinane, Måltidet er sjølve symbolet på kristent brorskap frå den gong Jesus i følgje Bibelen (Mt.3.13-16) innstifta nattverden og fram til i dag, og eit av dei to sakramenta i kyrkja.

Å reagere på Jesus sine ord om at han skulle reise frå læresveinane. Med å hive nattverdsvin tilbake i ansiktet hans, er eit sterkt uttrykk. Det er eit uttrykk for misnøye med ein situasjon som er pågåande, som respondenten ikkje vil skal fortsetje. Med å reagere slik vil respondenten setje ein stoppar for den vidare utviklinga. Dette var ein tenkt situasjon som informantane måtte sjå for seg. Dei vart spurt om dette ville vore blasfemi.

Å hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus vert for den eine informanten eit så sterkt uttrykk at ho meiner det ikkje ville skjedd. Jesus sitt ansikt vert antakeleg ut frå Bibelen rekna for eit reint/uskuldig ansikt slik kristne tolkar Bibelen. Dette med grunn i at Jesus ikkje synda og difor ikkje kunne ha noko fordring å gå ut frå. Han gjekk ut frå seg sjølv, eller Faderen. Han forventa ikkje noko av nokon, men han ville gjerne at menneska skulle tru på at han var Guds son.

Løgstrup la til grunn at Jesus ikkje var ”nihil”, at han ikkje gjekk med si eiga fordring, den tankegong som til slutt kan øydeleggje samfunnet og heile tida held på å terrorisere kvart einskild menneske (Løgstrup, 2000).

Då Jesus sa til læresveinane at han skulle forlate dei, snakka han ut frå Bibelhistoria sant. Han vart korsfesta og døydde ikkje lenge etterpå. Det står ikkje i Bibelen at læresveinane alltid var i godt humør saman med Jesus. Peter hadde også litt tidlegare protestert då Jesus sa han skulle

reise frå dei første gongen (Mk.8.32-33). Fordringa hos Judas og Peter fortalte dei at dei skulle gjera ei vond handling, om vi følgjer tanken eit stykke lenger. Det er ikkje sikkert dei tykte dei handla umoralsk ved å hive vinen i ansiktet på Jesus, men dei visste kanskje det kunne verta oppfatta slik, eller dei gjorde kanskje sjølv handlinga med overlegg, for å vise usemje med det Jesus sa. Når det eine informantene så tydeleg seier at det ikkje ville skjedd, så er det eit moment med tanke på at Judas og Peter var truande til å gjera ein del andre dristige ting.

Respekt er eit uttrykk for å ha omsorg for ein annan person, men vi vil også kunne seie at det er mogeleg og naudsynt å ha omsorg for dyr, sjølv om dei ikkje har same fordring å leggje til grunn som vi menneskjer set inne med. Når informantene tek fram at dei hadde hatt for stor respekt for han til å gjere noko slikt, så går det på dei moralske lovene dei ville ha valt å følgje. Om ikkje Peter og Judas vart blottstilt i meining å vera heilt moralsk nakne, så er det nærliggjande å tenkje at dei har krenka Jesus og Hans blod ved å gjera det. Det i seg sjølv kan ein kanskje definere som blasfemi (Henriksen og Vetlesen, 2006).

Det er kanskje vanskeleg å tenkje seg til ein slik situasjon, men informantane reagerte sterkare på at dei også måtte sjå for seg eit maleri med eit slikt innhald. Det å gå over grensa i tanken var ikkje så vanskeleg som det faktisk var å tenkje seg at ein kunstnar kunne ha mala eit maleri med eit slikt innhald. Om det ikkje vart oppfatta som blasfemi, ville det kanskje krenka dei meir enn det å tenkje seg til at ein slik situasjon kunne ha skjedd.

Informantane vart utsett for til dels sterke moralske utfordringar i intervjuet. I møte med ansiktet var dei blottstilt. Dei måtte svare for seg frå ein litt kunstig vinkel. Dei var på ein måte alt gjort eit overgrep mot. Dei var den svakaste part som måtte svare på spørsmål dei ikkje var førebudd på. Dei hadde ikkje høve til å dra seg unna, eller dei gjorde det ikkje. Det er mogeleg å komme i skade for å utøve paternalisme. At andre ser behova til informantane eller andre menneskjer betre enn dei sjølv og overkjører den andre. Det hadde ikkje vore heilt naudsynt å ta med maleria, det kunne stoppa med den tenkte situasjonen rundt nattverden. Det ville lege nært opp til at dei ikkje vart tekne omsyn til og vist den respekt dei i situasjonen alltid skal ha. Jesus ville i ein slik situasjon vorte utsett for paternalisme og kunne vorte offer for at andre i dette tilfellet Peter og Judas, utøvde paternalisme ovanfor Han (ibid, 2006).

6.2.8 Er det blasfemi å brenna heilage bøker?

Muslimsk og kristen dogmatikk og tilhøyrande trusartikkel(ar) er bærebjelkar i begge religionar. Muslimar og kristne har begge ei Heilag bok dei definerer som "Guds ord", Koranen i islam og Bibelen i kristendomen. Å utfordre informantane på om det er blasfemi å brenne deira respektive heilage bøker, var då spennande med tanke på det som skjedde i kjølvatnet av karikaturstriden. Kor sterkt ville dei reagere å på ein måte, ta steget heilt ut? Å brenne Guds ord kan vera blasfemi, seier både muslimar og kristne, ulikskapar er det likevel.

Dei muslimske kvinnene er samde i at å brenne Koranen er blasfemi. Dei kan diskutere nokså ope at å setje fyr på Koranen er praktisk enkelt, men det vekker djupe religiøse følelsar og det kallar dei alle for blasfemi på grunn av at det er boka, Koranen som vert brent. Sjølve handlinga er lite imponerande, det er enkelt å tenne på. På dette spørsmålet kom det fram eit lite paradoks hos dei kristne kvinnene. Det vart sagt av den eine kvinna at dei kristne ikkje ville reagere på Bibelbrenning like sterkt som muslimar reagerer på brenning av Koranen. Dette kom fram utan at spørsmålet vart stilt. Det var på ein måte å distansere seg frå å ta eit standpunkt sjølv, men det var kanskje ikkje det heller. Informanten møter krenkinga med å sei at eg reagerer, men eg kunne reagert verre. Den kristne kvinna seier ikkje noko om kvifor det er slik, berre at det er slik. For kristne er det meir innhaldet i boka som er det vesentlege, formidlinga om Jesus, frelsaren.

Det er då nærliggjande å vise til to ting frå kap. "historisk resyme frå karikaturstriden":

1. Muslimar sette fyr på den Norske og Danske ambassaden i Damaskus etter rykte om ein sms-aksjon, der nokre danskar skulle setje fyr på Koranen.
2. Norske kristne fylte opp innboksen til redaksjonen i TV2 på informasjon om at Otto Jespersen ville vise eit innslag der han brente Bibelen.

Komikaren Otto Jespersen gjorde som sagt (kap.5) opptak av at han brente Bibelen som han ville vise på TV2. Dette resulterte i reaksjonar frå kristne i Noreg. Innboksen til ein tilsett i redaksjonen i TV2 mottok over 1700 e-postar i ein protestaksjon mot at innslaget skulle visast. Innslaget vart ikkje vist (H.Prestegården, 30.03.06).

Dette kan kanskje virke litt urettvist ovanfor at det ikkje var europeiske muslimar som gjekk til slike skritt, og at muslimar i Noreg kom med støtteerklæringar til leiarar i Den norske Kyrkja då dette vart kjent. Det er likevel eit moment med grunn i at å brenne ei bok/bøker som begge religionar eksplisitt hevdar er "Guds ord", vekker sterke religiøse følelsar. Ei overvekt av informantane sa også at dei ville rekne det for blasfemi å brenne Koranen eller Bibelen.

Ser vi tilbake på Løgstrup si fordring er det kanskje skjedd eit overgrep ovanfor begge religionar. Dei har begge vorte krenka ovanfor det at det kan tolkast som blasfemi å brenne Guds ord. Dei truande frå islam og kristendommen har stått med sine blottstilte ansikt og teke i mot overgrepet eller den blasfemiske ytringa som dette kan definerast som mellom anna ut frå kva informantane har svart (Henriksen og Vetlesen, 2006).

Nøkkelordet vert kanskje respekt, fremje dialog og forståing mellom religionane. Dilemmaet kan vera at personar frå begge religionar er i stand til å brenne dei respektive sine Heilage bøker. Det er eit slags tangeringspunkt at informantane frå begge religionar reagerer med at deira religiøse følelsar vert krenka i møte med å brenne det som for både muslimar og kristne er "Guds ord".

6.3 Medienivået

Aktørane på den religiøse agenda har som eg har sagt, tradisjonelt vore menn. Når dei kristne kvinnene ikkje i mange samanhengar får ytre seg der dei ynskjer, ikkje innehar posisjonar, er det eit poeng å ta inn mannelge redaktørar frå til dømes aviser. I karikaturstriden var det to manlege redaktørar som hadde nærast felles skjebnar. I Egypt var det Mohammed Al-Asadi, i Noreg var det Vebjørn K. Selbekk. Opptakten til dette var trykkinga av karikaturane i Jyllandsposten. Muslimane følte at profeten Muhammed var krenka. Å krenka profeten Muhammed vert difor rekna for å vera blasfemi (Sjå kap: Omgrepet blasfemi). I enkelte saker vert blasfemi straffa med døden i islam.

Karikaturstriden verserte i media i ulike delar av værda, 161 aviser eller internettsider publiserte faksimile av karikaturane (TV2-dokumentar, 02.10.06). I denne diskusjonsdelen vil

eg gå inn på kven det var som vart krenka av media, og kvifor dei vart krenka av media. Vidare vil eg kommentere nokon av dei dilemma som kom som følgje av dette.

I denne striden følte muslimar seg krenka på grunn av trykking av Muhammedkarikaturar, og i karikaturstriden følte Vebjørn Selbekk uro over ytringsfridomen si framtid. Som sagt står det om ytringsfridom i Noregs Lovar § 100: "Ytringfrihet bør finne sted..." (Flock og Lassen, 2006,s.10).

6.3.1 Vart Al-Asadi krenka?

Eit anna eksempel på det Løgstrup ville definere som overgrep er til dømes krav om dødsstraff frå aktorar i Midtausten av ein redaktør i Egypt.

Mohammed Al-Asadi, redaktøren i avisa "Yemen Observer", trykte ein "bitteliten" faksimile av karikaturane for å informere sine lesarar om kva det var som føregjekk. Al-Asadi opplevde at Ikkje mindre enn 21 aktorar la ned påstand om dødsstraff for brotsverket (Selbekk, 2006,s.10-11).

"Kjennsgjerninga" Løgstrup her har gått ut frå byrjar å likne på det aktørane i denne påstanden gjer når dei la ned påstand om dødsstraff. Dei har "noe av et menneskes liv i sine hender" og "at noe av det andre menneskets liv er priggitt en", eller fleir. 21 aktorar stod bak påstanden (Løgstrup, 2000,s.47).

Ei påstand om dødsstraff for ein redaktør viser noko av det komplekse i karikaturstriden. På den eine sida ynskjer redaktøren i Yemen Observer at lesarane skal få vite kva som skjer til dømes i Noreg. På ei anna side er det ei anna makt som styrer over hans liv, ikkje mediemakta som han sjølv også representerer, men makta over hans rett som redaktør til å trykke det han måtte ynskje. Det er også Al-Asadi sitt lodd at han på denne måten vert offer for at styrande myndigheiter ynskjer å redusere ytringsfridomen i det området han er redaktør. Når Al-Asadi får nedlagt påstand om dødsstraff, er det også vel vitande om at slike reaksjonar kunne komme, sidan blasfemi kan verta straffa med døden i islam.

Al-Asadi som er redaktør for ei avis i eit muslimsk land hadde grunn til å vera forsiktig med å publisere faksimile av karikaturane, han burde vite dette kunne skape reaksjonar. Noko anna

er aktorane sin påstand om dødsstraff. Her ser vi noko av spaninga i kva som skjer i Midtausten gjennom karikaturstriden.

Eit moment i denne samanhengen er at det var den same Al-Asadi som også publiserte eit trespalta bilete av Selbekk med teksten ”den danske redaktøren” og ”Bildet av svinet som fornærmet profeten”. Selbekk kommenterer dette på følgjande måte: ”Meldingene tyder heldigvis på at Mohammed Al-Asadi slipper fra det med skrekken og en relativt mild dom” (Selbekk, 2006,s.11).

Magazinetredaktør, Selbekk tok ovanfor Al-Asadi eit overberande standpunkt og viser ei omsorg for Al-Asadi som er nesten rørande. Løgstrup ville kommentert at Selbekk er ein nihilist som lever med å erkjenne fordringa i møte med andre mennesker. Selbekk sin reaksjon kan samanliknast med neste kjærleiken Jesus viste angrande syndarar, og som for Løgstrup ikkje var nihil (Løgstrup, 2000,s.12).

Det viste seg til slutt at Al-Asadi fekk ein dom som vart referert på Magazinet sine internettsider 11.12.06:

Yemen Observer rapporterte 6. desember at avisens redaktør Mohammed Alasaadi var arrestert. Han var funnet skyldig i å ha fornærmet islam og profeten Muhammed ved å trykke de danske karikaturene. En domstol ila redaktøren en bot på 500.000 jemenittiske rial, ifølge Den norske bank anslagsvis 815.000 norske kroner. Alasaadi ble ikke dømt til fengselstraff, men ble holdt i arrest inntil boten ble betalt og sluppet fri dagen etter. Avisen ble ikke stengt. Yemen Observer trykket tegningene med et stort kryss over for på den måten å vise motstand mot dem, påpekte redaktør Alasaadi i retten (Vågnes, 2006).

6.3.2 Vart Selbekk krenka?

Redaktør i den kristne avisa Magazinet, Vebjørn Selbekk, trykte 10.01.06 faksimile av karikaturar av Muhammed frå den danske avisa Jyllandsposten, som trykte 12 karikaturar av profeten Muhammed 30.09.05. Dette skapte etter kort tid debatt mellom muslimar, i media og mellom muslimar og politikarar i Danmark, etter publiseringa i Magazinet også i Noreg.

Ytringsfridomskommisjonen la også vekt på at ordet ”bør” i det moderande norske språk må lesast som ”skal”. Vidare skriv Selbekk om ytringsfridomen slik den kanskje har ”forandra”

seg: "Ytringsfrihet kan finne sted dersom den fører til fred og fordragelighet, og ingen muslimer kan tenkes å bli støtt" (Selbekk, 2006,s.11).

Dette viser at det kan tolkast som at det dukka opp eit dilemma mellom det muslimske verdisett og ytringsfridomen slik den vert tolka i Noreg. Slik at det til dømes i muslimske land ikkje herskar full ytringsfridom.

Løgstrup meiner at fordringa ikkje er "utalt" og vert difor ikkje naudsynt representativ for motparten si hensikt eller ynskje (Løgstrup, 2000). Selbekk si hensikt og ynskje var å ta omsyn til ytringsfridomen. Han vurderte dette heilt fram mot sjølve trykkinga. For Selbekk kokte det heile ned til kva som var ein pressestisk akseptabel framgongsmåte. Han seier mellom anna: "Skal jeg som redaktør la muligheten for at visse islamske grupper og enkeltpersoner kan komme til å lage ubehageligheter, ha innflytelse på hvordan jeg redigerer den avis jeg leder?". Dette viser at Selbekk er klar over at det er eit dilemma, men han valte likevel å bruka ytringsfridomen (Selbekk, 2006,s.30).

Løgstrup viser til at to tolkingar lett kan stå i sterk motsetnad til kvarandre, fordi han meiner at det næraste er ei kjennsgjerning at mennesker har tillit til kvarandre. Muslimar vil då meine at å trykkje ein faksimile av karikaturane er å krenke deira verdisett, fordi tillita vert broten. Selbekk si avgjerd om å trykkje dei er grunna i retten til "den frie ytring" og på den måten forhalde seg til eit norsk verdisett om at "ytringsfrihet bør finne sted". Det vert difor balanse med den tause fordring Løgstrup legg til grunn, og ei gjensidig tillit i Selbekk sin rett til trykking. Det som likevel skapar dilemmaet er at to verdisett kan ha vanskeleg for å harmonere i gjensidig tillit og respekt, når det er distanse mellom måten religionar føreheldt seg til media og ytring på. Og det er også er forskjell på korleis samfunna i dei ulike religionane og land er bygt opp. Spørsmålet vert korleis medieaktørane vel å bruke den makt som er dei tildelt. Dette viser også Løgstrup sitt innsteg i hans vidare diskusjon om fordringa i seg sjølv fremjar press og overgrep? (Løgstrup, 2000).

Løgstrup takkar Kant høfleg for å ha vore med på å leggje vekt på at menneske skal vera uavhengig, få respekt og vera sjølvstendig. Han går til åtak på at kvart menneske lever inni si eiga vetle verd og difor ikkje må ta omsyn til andre menneske sine likeverdige verdiar, men dyrkar sitt eige ego. Med dette vil Løgstrup vidare inn på livsforståing. Han meiner ein kan verta så fastlåst i sine egne tankar og idear at det er bare det som gjeld eins eigen eksistens og

til dømes religion som har legitimitet. Press og overgrep kan dermed skje med godt samvit og gode hensikter (ibid, 2000).

Karikaturstriden kan difor tolkast som eit døme på at overgrep vart brukt i god hensikt frå begge leirar. På ein måte utan å ha gjort seg skuldig i misbruk av mediemakt. Overgrepet i denne saka vert at muslimar oppfatta trykkinga av faksimilen av karikaturane som blasfemi mot profeten Muahammed og "gjentekne angrep på den muslimske nasjonen" (Sjå kap: Historisk Resyme av karikaturstriden). Overgrepet mot den kristne avisa Magazinet vert at muslimar vil begrense redaktøren si rett til "den frie ytring" eller som det står i §100: "ytringsfrihet bør finne sted" (Flock og Lassen, 2006,s.10).

Selbekk hadde andre offentlege fora å ta omsyn til når han som redaktør publiserte faksimile av karikaturane. Han måtte ta omsyn til ytringsfridomen, at vi i Noreg har blasfemiparagraf og kva han ville at lesarane skulle få informasjon om. Magazinet vart også gjenstand for etterforskning av Pressens Faglige Utvalg (PFU), etter klage, sak nr 022/06, frå Vest-Agder, Sosialistisk Ungdom v. Kristine Fossheim. For å vise kva det handla om tek eg med heile konklusjonen frå PFU.

Konklusjon på klage i sak.022/06 frå PFU:

Pressens Faglige Utvalg viser til Vær Varsom-plakatens punkt 4.3, der det blant annet heter: "Vis respekt for menneskers egenart og identitet, privatliv, rase, nasjonalitet og livssyn."

Utvalget har en rekke ganger påpekt at det innenfor genren humor og satire må være stor takhøyde og rom for sterke virkemidler. Dette gjelder også i de tilfeller hvor enkeltpersoner eller grupper ut fra religion eller livssyn kan komme til å føle seg krenket. Når pressen tar sterke virkemidler i bruk i slike sammenhenger, er det imidlertid viktig å ha et bevisst forhold til betydning og virkning for personer og miljøer som blir berørt.

Utvalget vil imidlertid understreke at det ikke kan være slik at de forulempede eller krenkede kan gis noen slags vetorett over hva som skal publiseres. Et slikt prinsipp vil gi helt uakseptable konsekvenser for ytringsfriheten. Her viser utvalget til Vær Varsom-plakatens punkt 1.3, der det heter: "Pressen skal verne om ytringsfriheten, trykkefriheten og offentlighetsprinsippet. Den kan ikke gi etter for press fra noen som vil hindre åpen debatt, fri informasjonsformidling og fri adgang til kildene."

I det påklagede tilfellet legger utvalget også vekt på at de innklagede tegningene er en del av en tradisjon - karikaturen - som det i norsk presse er ekstremt vide rammer for. Utvalget merker seg for øvrig at publiseringen av tegningene inngår i et saklig oppslag om forholdet mellom

ytringsfrihet og islam, og at presentasjonen heller ikke har noen provoserende form. Magazinet har ikke brutt god presseskikk. Oslo, 27. april 2006(Bjerke et al 2006).

Denne fyldige og konkrete konklusjonen viser at Selbekk som redaktør for Magazinet ikkje gjorde noko klanderverdig ovanfor ytringsfridomen og PFU.

Sidan vi ikkje har dødsstraff i Noreg, var ikkje det eit alternativ for Selbekk å vurdere dette opp mot sitt eige liv slik Al-Asadi hadde grunn til å gjere. Løgstrup peikar på at "Å ha noe i sine hender" er ein metafor (Løgstrup, 2000,s.49). Å ha andre menneskjer sine liv i sine hender vil seie at ein kan komme til å møte emosjonelle reaksjonar. Reaksjonane kan her vise tilbake til den kommunikasjon som vart til dømes Selbekk og Al-Asadi til del. Om kommunikasjonen var riktig eller feil, er ikkje innanfor råma til denne oppgåva å finne ut, men eg vil referere Kant sitt resonnement om å gjera handlingar for å nå "det høgste gode".

6.3.3 Korleis vart "Knoll og Tott" krenka i karikaturstriden?

Magazinet som avis vart som sagt ikkje dømt for trykkinga av karikaturane. Dei vart i april 2006 "Blankt frifunnet av Pressens Faglige Utvalg for sin faksimilegjengivelse av de såkalte Muhammedtegningene" (Selbekk, 2006,s.9). Selbekk vart som redaktør likevel trua på livet. "You are a dead man. Don't ever try talking about Prophet Mohammed" var innhaldet i ein e-post Selbekk mottek torsdag 12.januar 2006, to dagar etter faksimilen av karikaturane vart publisert (ibid 2006,s.53).

Begge redaktørar vart utsett for press og eller overgrep mot sine respektive aviser. Begge vart gjennom påstand om dødsstraff (Al-Asadi) og drapstruslar (Selbekk) også krenka på individet sin rett til "den frie ytring". Dei hadde ulike referanseråmer for å reagere mot blasfemi, ytringsfridom og korleis dei av ulike årsaker kunne verta krenka. Løgstrup si fordring i møte med eit anna menneske eller i denne samanheng også medienivået, vart uttalt, det vart sett ord på noko av det som ikkje var uttalte og fordringa heldt ikkje fram med å vera heilt taus. Den vart kanskje for første gong sett ut i livet slik at kommunikasjonen mellom islamske og kristne media kunne starte for alvor. Redaktørane vart krenka, sjølv om Al-Asadi visste det kunne bety dødsstraff å publisere faksimile, som han i tillegg hadde sett eit kryss over for å skåne lesarane. Selbekk vart krenka, sjølv om han som redaktør brukte ytringsfridomen. Dette aktualiserer også å snakke om karikaturstriden på eit "individnivå", menneskjer vert påverka

av påstandar og truslar, sjølv om dei er redaktørar for kvar sine aviser. Det vert ein balansejong å vite kva tid ein er på eit individnivå og kva tid ein er på eit medienivå som til dømes i karikaturstriden.

Hovudkimen i karikaturstriden såg ut til å vera at muslimar følte at profeten Muhammed vart krenka ved å verta publisert og at muslimar gjekk til åtak mot Noreg og Danmark som nasjon for å ”rydde” opp i det dei oppfatta som blasfemi. I Noreg kom også reaksjonar, men ikkje av voldeleg karakter.

Det kan vera eit interessant innsteg for Løgstrup si etiske fordring å få ta tak i det emosjonelle som pregar Selbekk sin reaksjon på Al-Asadi si trykking av ”den danske redaktøren” og ”Bildet av svinet som fornærmet profeten”. Oppsiktsvekkande i den publiseringa er ikkje at Al-Asadi tok feil og gav Selbekk skulda for å vera dansk redaktør, men at han også omtala han som ”svinet”. ”Svinet” i dette tilfellet er henta frå ein av dei ”falske” karikaturane som delegasjonen frå Danmark leia av imam, Ahmed Akkari frå Århus tok med seg til Midtausten. Det gjorde dei for samle politisk støtte i saka hausten 2005. Det skjedde før karikaturane var ei sak vi snakka om i Noreg og før Magazinet som avis trykte faksimile av dei 10.januar 2006.

7.0 KONKLUSJON

I denne oppgåva har eg fokusert på problemstillinga: Korleis oppfattar kvinner med ståstad i islam og kristendom blasfemi? Dette har eg heldt opp mot analysen som vart gjort av dei muslimske og kristne intervju. Informantane har svart at det å verta utfordra på blasfemiske ytringar som å teikne Muhammed, teikne Gud, døype ei dokke, hive nattverdsvin i ansiktet på Jesus og brenne Koranen/Bibelen rører alt saman ved religiøse følelsar. Dei har også reagert med at dette på ulike måtar kan oppfattast som blasfemi, krenkande, respektlaus og spottande ovanfor dei som vert utsett for eit slikt overtramp eller overgrep. Gjennom nærleiksetikken og Løgstrup si etiske fordring vart analysen av intervju diskutert i eit todelt diskusjonskapittel. Det var produktivt å bruke fordringa i møte med ”medienivået”. I møte med media vi kan sjå at fordringa føregår mellom avsendar og mottakar, frå ei avis og til mottakaren. Nærleiksetikken fann sin plass på individnivå i møte med det andre mennesket, trykte eller tenkte situasjonar og i møte med kva som er ei blasfemisk ytring eller ikkje. Mennesket er mogleg å krenke. Vi står ansikt til ansikt og møter fordringa frå kvarandre som Levinas kunne sagt det. Våre handlingar vil vera gjensidig avhengig av det andre mennesket sin respons frå oss. Det legg difor til grunn ei nærast autonom oppfatning av mennesket, som likevel treng ein Gud over tilværet, ei skaparmakt som var tidlegast til å fremja dialog mellom menneska, nærleiken og fordringa.

LITTERATURLISTE

Berg, E. (1980) *Koranen*.

1. utgåve Dreyer Aksjeselskap, Stavanger: Universitetsforlaget

Bibelen 1978/85. (1991)

3. opplag Oslo: Det Norske Bibelselskap

Berulfsen, B. og Gundersen, D. (2000) *Fremmedord og synonymer blå ordbok*.

1. utgåve. Oslo: Kunnskapsforlaget

Christoffersen, S.A. (1999) *Etikk, eksitens og modernitet. Innføring i Løgstrups tenkning*.

1. utgave Oslo: Tano Aschehoug

Dokka, T.S. (2000) *Som i begynnelsen*.

1. utgåve Oslo: Gyldendal Akademisk

Flick, U. (2006) *Qualitative research*.

3rd ed. London: Sage Publications Ltd

Gregersen, N. H. (1992) *Fragmenter af et spejl*.

1. udgave. Fredriksberg C.: Forlaget Anis

Henriksen, J.O. og Vetlesen, A. J. (2006) *Nærhet og distanse*.

3. utgave. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Hjärpe, J. (2005) *99 spørsmål om islam*.

1. utgave. Oslo: Humanist forlag

Khader, N. (2004) *Ære og skam*.

3. udgave. Copenhagen: Borgens forlag

Kvale, S. (1999) *Det Kvalitative forskningsintervju*.

3. opplag. Oslo: Ad notam gyldendal AS

Lawton, D. (1993) *Blasphemy*.

1st ed. Padstow: T.J. Press

Lings, M. (1985) *Muhammad*.

Second impression. London: George Allen & Unwin (Publishers) Ltd and The Islamic text society

Løgstrup, K.E. (2000) *Den etiske fordring*.

1. utgave. Oslo: J.W. Cappelens forlag AS

Roald, A.S. (2004) *Islam*.

1. utgave. Oslo: Pax forlag

Selbekk, V.K. (2006) *Truet av islamister*.

1. utgave. Kjeller: Genesis forlag 2006

Offisielle og statilige publikasjoner

Flock, H. og Lassen, S.L. (2006) *Norges Lover 1687-2005*. Oslo: Det Juridiske fakultet

Artiklar

Andenæs, J. (1997) Litteratur og ytringsfrihet. *Lov og rett* (2), s.84.

Kluge, L. og Stoltenberg, K. (2006) Blasfemi, herr statsråd. *A-magasinet*, 17. februar, s.9-12

Opsal, J.(2006) Karikaturer og krenkelser. *Religion og Livssyn* (1), s.45

Rovik, A (2006) Brente Guds ord. *Verdens Gang*, 28.mars, s.1, 6-7

Internett ressurser

Bjerke S., Egeland J.O., Hanssen I.M., Haugsgjerd, H., Isungset I., Slapgard, S. og Syse, H., (2006) *Sak nr 022/06* [online] Pressens Faglige Utvalg 27.04.06 Tilgjengelig på: <http://www.pfu.no/case.php?id=1723> [Nedlasta 13.12.06]

Bjørke, C. (2006) *Prest døper teddy*. [online] Vårt Land, 18.02.06 Tilgjengelig på: <http://www.vartland.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20061018/ARTIKLER/61018005&SearchID=73262856176745>

Eide, O.E. *De fryktet en by i brann*. [online] Forsvarets forum (No date) Tilgjengelig på: <http://www.fofo.no/forsvaretsforum.no/de+fryktet+en+by+i+brann.-mwZbYW9.ips> [Nedlasta 11.12.06]

Leirvik, O (2006) *Fridom under ansvar*. [online] Dagbladet, 04.02.06 Tilgjengeleg på: <http://www.dagbladet.no/kultur/2006/02/04/456780.html> [Nedlasta:01.10.06]

Lorentzen, P.W (2004) *Ytringsfrihet på norsk*. [online] Dagbladet, 24.09.04 Tilgjengeleg på: <http://www.dagbladet.no/kultur/2004/09/25/409337.html>

Prestegården, H. (2006): *Mailbombes etter bibelbål*. [online]. Verdens Gang (VG), 30.03.06 Tilgjengeleg på: <http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=129049>

Sun, H.S. (2006) *Det er hyggelig å være nordmann i Damaskus*. [online].

Dagbladet, 30.09.06 Tilgjengeleg på:
<http://www.dagbladet.no/nyheter/2006/09/30/478327.html>
[Nedlasta 01.10.06]

Vågnes, M. (2006) *Protesterer ikke på Mohammed-dom* [online] Magazinet 11.12.06
Tilgjengelig på:
<http://www.magazinet.no/default.asp?menuid=&linktype=2&linkid=25172>
[Nedlasta 11.12.06]

Øverbye, M. (2006): *-Ute av kontroll.* [online]
Dagbladet, 02.06.06 Tilgjengeleg på:
<http://www.dagbladet.no/nyheter/2006/02/06/456931.html>
[Nedlasta: 01.10.06]

Audio visuell kilde

Truet til taushet. (2006)[TV program]TV2: TV2-dokumentar,02.10.06

Personleg kjelde

Grandhagen, K.H. *Meymaneh-kommentar* 11.12.06

Vedlegg 1: INTERVJUGUIDE

Intervju guide

Spørsmål: Kva er blasfemi?

1. Bakgrunn: Personleg, kjønn, alder, tru/religion, utdanning, frå kva for eit/ein land/by

- a. Personleg bakgrunn, (kor er du fødd/oppvekst i kva by, kva kjønn og religion?)
- b. Utdanning, (Kor har du studert og kva utdanning har du?)
- c. Kvar bur du og kor er du statsborgar? (kva by/bygd/, kva for eit land?)

2. Viktigheit av tru: familie/tradisjonar, sosiale samanhengar, viktigheit av tru i livet

- a. Familie tradisjonar, (tradisjonar, forventningar, praktisering av trua?)
- b. Sosiale samanhengar, (Samlingar mellom familie/vener og religiøse samlingar?)
- c. Trua sin viktigheit i livet, (personleg tradisjon på tru, kvifor tru/viktigheit?)

3. Verdier: i familien, i sosiale samanhengar, i trua

- a. I familien, (tradisjonar, forventningar, praktisering av trua?)
- b. I sosiale samanhengar, (med familie/vener, religiøse samanhengar?)
- c. I livet, (personlege erfaringar med etikk, kvifor etikk, viktigheit av etikk?)

4. Dei muslimske informantene vert utfordra til å sjå for seg teikningar/karikaturar av Muhammed, Gud og brenning av Koranen. Dei kristne informantane vert utfordra til å sjå for seg ein situasjon der ein prest vil døype ei dokke, stiftinga av nattverden der Judas og Peter hiv nattverdsvinen i ansiktet på Jesus og brenning av Bibelen.

- a. Kva betyr ordet blasfemi i ditt liv som muslim i Noreg/Kva betyr ordet blasfemi i ditt liv som kristen i Noreg?
- b. Kva betyr ordet blasfemi for di tru?
- c. Informantane får her anledning til å tenkje gjennom ulike sekvensar i 30 sekund (sek) kva som er vorte presentert for dei før eg stiller nærare spørsmål om reaksjonane deira, alle dei følgjande spørsmål under dette punktet (c.) vert stilt til informantane etter kvar sekvens der dei får 30sek til å tenkje seg om og reflektere. Spørsmåla dei må reflektere over etter kvar sekvens på 30sek er som følgjer: Korleis kjennest det å sjå for seg dette? Kvifor føler du det du føler? Er dette blasfemi? Er det eit moralsk dilemma? Kva verdier er svare dine grunna i? Er det ei grense for kva som er blasfemi eller ikkje? Er blasfemi eit individuelt spørsmål mellom muslimar og kristne? Er blasfemi viktig i forhold til kva for ein religion eller tru du tilhøyrer? Dei muslimske informantane fekk følgjande utfordringar: Tenk på ein teikning/karikatur av Muhammed i 30sek. Tenk på ein teikning/karikatur av Gud i 30sek. Tenk på at nokon brenn Koranen i 30 sek. Dei kristne informantane fekk desse utfordringane: Tenk på at ein prest vil døype ei dokke i 30sek. Tenk på stiftinga av nattverden og at Judas og Peter hiv nattverdsvinen i ansiktet på Jesus i 30sek. Tenk på brenning av Bibelen i 30sek. Etter gjennomgangen av dei tre sekvensane for dei muslimke og kristne informatnane gjekk eg vidare og stilte dei alle desse spørsmåla:
 - d. Er blasfemi eit moralsk, etisk og eller religiøst problem?

- e. Er det mogeleg å kritisere ein profet/Gud/Koranen (for muslimar) Jesus/dåpen/nattverden/Bibelen (for kristne) eller andre religionsspesifikke spørsmål i si eiga tru?
- f. Er det lov å sjå teikningar/karikaturar av ein profet/frelsar/Gud?
- g. Kva verdiar tenkjer du på når eg seier ordet blasfemi?
- h. Kva er blasfemi?

5. Blasfemi og etiske/moralske verdiar

- a. Kva er dine følelsar knytt til trykkinga av karikaturane i Jyllandsposten og faksimile i Magazinet?
- b. Er det moralske eller verdibaserte moment knytt til trykkinga av karikaturane?
- c. Kor går grensa for å kalle noko for blasfemi?
- d. Er svara dine grunna i tradisjonar, moral, verdiar, etikk, tru eller følelsar?
- e. Kvifor kjenner du dette slik?
- f. Er reaksjonane dine knytt til familietradisjonar, vener, moral, verdiar eller tru?
- g. Har di meining om kva blasfemi er for noko forandra seg gjennom intervjuet?
- h. Kva er blasfemi for deg?
- i. Kan blasfemi vera eit moralsk dilemma?

6. Annan informasjon

- a. Er det noko du vil tilføye til dette intervjuet som vi ikkje har snakka om?

Litteratur

Mæland B, (2004) *Skadeskutt idealisme*. Bergen: Eide forlag

Vedlegg 2: E-POST FRÅ KNUT H. GRANDHAGEN

from Knut Grandhagen <kgrandhagen@gmail.com> [hide details](#)
Dec 11 (4 days ago)
to Magnar Hellesøy <magnarh@gmail.com>
date Dec 11, 2006 2:07 PM
subject Re: Meymaneh...
mailed-by gmail.com
Heisann,

Det du skriver er i utgangspunktet helt korrekt, men jeg benyttet anledningen til å øke presisjonsnivået noe for å unngå misforståelser. Jeg har ihvertfall ingen problemer med å stå inne for det slik det blir skrevet herunder (der jeg har enret har jeg satt i fete bokstaver).

Beklager at jeg ikke kunne rette på riktig mål, men jeg er rett og slett ikke spesielt dyktig i nynorsk :)

Mvh,
KHG

Knut H. Grandhagen, Informasjonsrådgiver i Hæren og tidligere Presse- og informasjonsoffiser i Afghanistan, fortel i ein kommentar 11.12.06:

"Den norske avdelingen i Meymaneh var i forkant av 7.feb.06 kjent med at lokale imamer hadde oppfordret til ein demonstrasjon mot leiren. Bakgrunnen for demonstrasjonen var misnøye med Muhammedkarikaturane. PRTen (provincial reconstruction team) var under oppfattelse av at demonstrasjonen ville være fredelig. Parallellt utnytta ei uidentifisert gruppe situasjonen til å laga ein væpna aksjon. Dette gjorde dei ved å sette væpnede demonstranter inn i mengden samt at afghanske politifolk som kom til då situasjonen auka i omfang ble avværnet og våpnene deres brukt til å skyte mot leiren. Utgangspunktet for demonstrasjonen var fredeleg, men den auka på og vart eit væpna åtak mot den norskledede leiren i Meymaneh avsluttar Grandhagen".

- Show quoted text -